

**Fra:** Eva Synnøve Solhaug Fosshagen [eva.fosshagen@sfj.no]  
**Til:** 'eiriksundsoy@hotmail.com' [eiriksundsoy@hotmail.com]  
**Kopi:** Ole Jørgen Øygarden [Ole.Jorgen.Oygarden@sfj.no]  
**Sendt:** 20.12.2017 13:46:30  
**Emne:** SV: Innspel på endring av bussruter  
**Vedlegg:**



Hei

Viser til innspel de har i høve skulebuss/bussruter. Lei for at det har teke tid før du har fått svar.

Sjå mitt svar i raud skrift.

Med helsing

Eva Synnøve Solhaug Fosshagen  
 rådgjevar, samferdsleavdelinga  
 Sogn og Fjordane fylkeskommune  
 Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [eva.fosshagen@sfj.no](mailto:eva.fosshagen@sfj.no)  
 tlf: +47 57638067



Dokid: 18141104 (18/119-35)  
 Vedlegg til politisk sak

**Fra:** Eirik Sundsoy [<mailto:eirikundsoy@hotmail.com>]  
**Sendt:** måndag 27. november 2017 23:41  
**Til:** Ole Jørgen Øygarden <[Ole.Jorgen.Oygarden@sfj.no](mailto:Ole.Jorgen.Oygarden@sfj.no)>  
**Emne:** Innspel på endring av bussruter

Hei! Beklagar at denne mailen ikkje kom før no, men håpar dette går bra. Er det noko som er uklart så er det berre å spørje:-)

Her er innslaga eg har fått:

problem med buss: om det hadde gått ann å få ein buss innover mot gaupne i 19-20 tida, tidlegare buss til vik om dagane (ca midt på dagen), buss til lærdal i 19-20 tidn. Dette er fordi om du er på skulerelaterte ting etter skuletida så er det ikkje bussar du kan ta heim. Eller om du treng heim fra skulen tidleg, så er det ingen bussar mot vik før 5 på 3.

*Ønskje om nye ruter må vi handsame politisk, og det vert gjort i november. Det er såleis for seint i denne omgang, men vi vil ta det med oss som eit innspel til nye ruter når vi skal sjå på rutetilbodet for 2019.*

*Til orientering vil bussen som går får Sogndal kl. 11.40 får august 2018 bli forlenga til Hella dersom passasjerar. Det går buss frå Vangsnes*

- bussen fra gaupne/hafslo kjem på skulen 20-25 min for tidlig på 08.00-dagar

*Bussen frå Gaupne/Hafslo har korrespondanse med buss til Leikanger kl. 07.45.*

- fleire bussar på ettermiddagen viss ein vil jobbe på skulen etter skuletid/fritidsaktivitetar

*Ruteinnspel 2019*

- buss midt på dagen

*Ruteinnspel 2019*

- halv 3 buss går ikkje alltid til gaupne, dumt for dei som sluttar halv 3 dei dagane, spesielt ofte bygg&anlegg

*Det går buss til Fortun kl. 14.05. Ein buss som skal gå litt etter 14.30 på vi ta som eit ruteinnspel 2019.*

- mange som kan tenka seg buss tilbake til bygdene klokka 13.45, slik at dei slepp å vente på 14.45 bussen.

*Kan reise retning Fortun kl. 14.05.*

- direkte buss til Hafslo, som ikkje går innom solvorn.

*Denne bussen går nedom Solvorn for at bussen til Gaupne/Fortun, som køyrer lengst, ikkje må ta denne sløyva.*

~~Mandagsbuss fra gaupne til sogndal. Buss er ofte full. Elever må stå igjen.~~

~~Tide melder at det vert køyrt ekstra buss enkelte dagar, slik at det skal vere sitteplass til alle.~~

~~Halv 4 bussen til lærdal er nesten alltid full. Folk må stå i bussen.~~

~~Dette skal ikkje vere eit problem lenger. Det er gjort avtale om at elevar til Årdal kan reise med bussen til Aurland dersom bussen til Lærdal er full.~~

~~07.00 bussen fra fjærland gjør at elevene kommer en halvtime før skolen begynner.~~

~~Vi har teke ein tilfeldig sjekk på ankomsttid Ingfossen tre dagar og då er bussen der kl. 07.57, 07.45 og 07.48.~~

~~Buss til saltkjelen halv 3 må man betale for å ta på mandag, tirsdag og onsdag.~~

~~Ekspressbussen kl. 14.30 måndag, tysdag og onsdag må ein betale på då det ikkje er ein lokal Kringom buss.~~

Mvh Eirik Sundsøy  
Elevrådsleiar Sogndal VGS



Adr: co/ Tore Jarl Johansen, 6713 Almenning

Silda 2. april 2018

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2,  
6863 Leikanger

2

e-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)

kopi til: Fjordenes Tidende

[post@fjt.no](mailto:post@fjt.no)

Silda Velforening avvikla laurdag 31. mars sitt årsmøte på Silda grendahus  
Der vart Sogn og Fjordane Fylkeskommune sine overraskande ruteendingar, for båtruter  
dei mindre øysamfunna i fylket, ei stor sak.

Årsmøte vedtok samrøystes at det skulle sendast ein resolusjon til S&fj fylkeskommune.

### **Resolusjon, samrøystes vedteken på Årsmøtet 31 mars 2018**

Silda Velforening protesterer på det skarpaste på Sogn og Fjordane fylke  
sitt overaskande vedtak, om å fjerne alle båtruter på helg- og off.fridagar.  
Silda Velforening forstår ikkje kva som er grunne til denne endringa, og  
bed om omgåande å få ei forklaring.

Kvifor skjedde dette utan at innbyggjarane vart høyrde eller orientert?  
Er dette ei første tilpassing til den framtidige Vestland fylkeskommune??  
Er meininga at dei små øysamfunna i Sogn og Fjordane skal avfolkast??  
 Skal all innsats som har vore lagt ned i utvikling av feire- og fritidsaktivitet  
på øyane i fylket leggest brakk?  
På Silda har ny drivar i år teke opp att drifta av turistatraksjonen Skjærbuda,  
ei satsing som kan vere heilt bortkasta dersom ingen kjem seg til/frå Silda  
på helge- og fridagar.

Etter denne overraskande endringa i ruteplanen, har Silda velforening  
blitt tvinga til å kjøpe ei ekstra «søndagsrute» med Øyglimt, på 2. påske-  
dag, for at dei ferierande kan få nyte heile påska på vår vakre påskeøy.

Med trist helsing  
Silda Velforening

Tore Johansen  
formann sig.

Silda Velforening

6714 SILDA



## Svar - Resolusjon vedkommande ruteendringar Silda

Viser til e-post frå 2. april og ny e-post registrert hos oss 2. mai angående ruter til Silda. Vi beklagar seint svar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje vedteke å gjere endringar i den omtalte ruta. Når det gjeld endringar på bevegelege helgedagar har operatør endra rutene på eige initiativ tidlegare år.

Vi skal gje eit kollektivtilbod som er godt og tenleg for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane og alle som vitjar eller er på gjennomreise i fylket, ut frå dei midlane vi har til rådighet. Administrasjonen vurderer kvart år ulike innspel til forbetringar av rutetilbodet, og legg det fram til politisk behandling. Rutetilbodet blir deretter vedteke politisk.

Vi noterer oss at det er eit behov for søndagsrute på bevegelege helgedagar og vil ta dette spørsmålet med oss vidare i rutekjøps-saka som skal opp til hausten.

Generelt er det slik at alle kan melde inn ynskjer om endringar i rutetilbodet. Dette vert gjort ved å sende det inn via sin kommune, så blir innspela vurdert når ein årleg gjer endringar i rutetilbodet. Vanlegvis er rutetilbodet oppe til politisk behandling kvar haust, som ein del av budsjettprosessen.

Med helsing

Inge Horstad  
seniorrådgjevar

Tove Berget  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Mottakar (ar)

Silda Velforening Silda Velforening 6714 SILDA

### Kopi til:

Fjordenes Tidende Postboks 55 6701 MÅLØY



Adr: co/ Tore Jarl Johansen, 6713 Almenning

Silda 2. april 2018

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2,  
6863 Leikanger

e-post: [post@sfi.no](mailto:post@sfi.no)

Øyglimt  
v/ Idar Silden  
[idar@oyglimt.no](mailto:idar@oyglimt.no)

4 ✓

## AD vår resolusjon av 31. mars

### Sak 11/18 Båtrute på helgedagar

Styre i Silda Velforening hadde møte 30 april. Til dette møtet hadde vi fått betre og rett informasjon fra Øyglimt.

Det viser seg at Årsmøtet i SiVe hadde for dårlig grunnlag for vedtaket som var gjort.


1. Fjord1 vann tilbudsrunder for båtruten i fylket.
2. Fjord1 fekk avtale med Florø skyssbåt som skulle ta oppgåva med transporten
3. Florø skyssbåt gav oppgåva med transport frå Måløy til Øyglimt
4. Øyglimt har hatt morgonruta på bestilling – ruta går berre om der vert transportbehov.
5. Øyglimt har gått ekstraturar (innsparte morgonturar) på helgedagar ved transportbehov, at dette ikkje skjedd 2. påskedag får vi vite er fordi morgonruta har gått kvar dag i 2018
6. SiVe har sendt sin resolusjon på feil grunnlag – manglande faktakunnskap.

**Vedtak:** Silda Velforening sender melding til S&FJ fylkeskommune og Øyglimt, der vi beklager at vi på generalforsamlinga gjorde vedtak med klare faktafeil

Vi er og har vore svært nøgde med Øyglimt si drift av sambandet Måløy-Silda.

Silda Velforening og meiner det er heilt unødvending å gå morgonruter når ingen treng den, dette er miljøløsing. Vi støtter Øyglimt sin lange tradisjon med å gå søndagsrute på variable helge- og fridagar.

Med helsing  
Silda Velforening

  
Tore Johansen



**Luster kommune**

**Servicetorget**

Samferdsleavdelinga Sogn og  
Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2

6863 LEIKANGER



08.05.2018

Arkivsak: 18/1179

Løpenr.: 18/9455

Sakshandsamar:

Karin Leirdal

**Vedk. bussane sine ruter forbi Indre Hafslo - Spørsmål frå Ungdomen sitt kommunestyre i Luster.**

Ungdomen sitt kommunestyre, Arbeidsutvalet hadde møte den 13.04.2018.

Dei tok opp sak om rutebussane som går gjennom Indre Hafslo og gjorde fylgjande vedtak:

«AU stiller spørsmål om det let seg gjera at alle rutegåande bussar kan gå oppom Indre Hafslo. Det er avgjerande for mange at alle bussane går gjennom bygda der folka bur.»

Me ber med dette om ei tilbakemelding om overnemnde.

Med helsing

Karin Leirdal  
sakshandsamar  
tlf.:57 68 55 11

Kopi til:

**Tide Buss AS, Postboks 6300 , 5893 BERGEN**

**ADRESSE:**  
Luster kommune  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupne

**TELEFON:**  
Sentralbord:  
57 68 55 00

**TELEFAX**  
57 68 55 01

**E-POST ADRESSE:**  
postmottak@luster.kommune.no

**ORGANISASJONSNR.**  
964 968 241  
**Bankgiro:**  
3785.07.00142

**Fra:** Mette Liland [mettelil@hotmail.no]


**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 08.05.2018 11:59:45

**Emne:** Forslag til kollektivtilbud


**Vedlegg:**



Hei. Har nokre ønsker/forslag til kollektivtilbod/bussruter.

- ein avgang frå Nordfjordeid til Måløy på formiddagen. Bussrutene er 10.35 frå Eid og 14.30 frå Eid, skulle vore ein buss midt mellom desse tidspunkta.
- ein avgang seinare på kvelden/natta, f.eks i 24-02 tida.
- sein buss frå Eid til Måløy seinare på kvelden. F.eks kl 22. Fint tidspunkt for hybelbyrar å ta bussen :)

**Fra:** Ove Mikal Haveland [ovehaveland@msn.com]  
**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]  
**Kopi:**  
**Sendt:** 15.05.2018 09:53:47  
**Emne:** 18/119  
**Vedlegg:**



Hei.

Fly: Det bør komme direkteruter mellom Bergen og Anda, det er djupt savna!  
Buss: Buss er generelt for dyrt og for dårlig tilbud til å være eit alternativ til bil.  
Båt: Hurtigbåten mellom Bergen og Nordfjord er heller ikkje eit godt alternativ til bil pga. pris. Det tek lengre tid enn bil og koster meir enn eit billigfly til Spania.



Mvh  
Ove Mikal Haveland

Sendt fra min Xperia™-smarttelefon fra Sony



**Fra:** Liv Horvei [Liv.Horvei@sfj.no]

**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:** Paul Lemvik [Paul.Lemvik@sfj.no]; Trygve Jacobsen [Trygve.Jacobsen@sfj.no]

**Sendt:** 15.05.2018 14:14:21

**Emne:** Innspel til rutetilbod. Merk sak nr. 18/119

**Vedlegg:**

Hei. Det vert vist til brev med sak nr. 18/119-5 ang. innspel til rutetilbod.

Elevane som startar sin undervisning på øyrane vgs. skulestad Mo kjem for seint til skulestart kl. 8:20. Korresponderande buss frå Førde går kl. 08:05 og tida her vert for knapp til skulestart. Tidlegare gjekk det buss frå Førde kl. 7:55, men denne ruta vart endra/flytta. Eit innspel frå skulen er ynskje om bussavgang Førde attende til kl. 7:55.

Med venleg helsing

Liv Horvei  
Rektor Mo og øyrane vidaregåande skule  
Mob.nr. 480 08 357

✓  
9  
Mo og Øyrane

**Fra:** Postmottak - Sentralarkivet i Aurland [post@aurland.kommune.no]

**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 19.05.2018 16:21:16

**Emne:** VS: Innspel på rutetilbod i Sogn og fjordane.

**Vedlegg:**

Sender denne vidare til rett adresse.

Mvh

Beathe Ekhall Stentvedt

Aurland kommune

**Fra:** Skarsbø, Linn Janette U [mailto:Linn.Janette.U.Skarsbo@nav.no]

**Sendt:** 16. mai 2018 12:42

**Til:** Postmottak - Sentralarkivet i Aurland

**Kopi:** Turid Stigen Sørensen (NAV)

**Emne:** Innspel på rutetilbod i Sogn og fjordane.

Hei,

Syner til informasjon delt på nettsida til Aurland kommune om oppmoding til innspel på kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane. Flyktningtenesta i Aurland ynskjer å koma med fylgjande innspel om tilbodet i Aurland kommune.

I samband med at Aurland kommune har busett 26 flyktningar sidan 2016, ser me at det er veldig utfordrande å finne språkpraksis og arbeidspraksis i nærleiken av Aurland sentrum. I forhold til tal busette vil det ikkje vera tilstrekkeleg med språkpraksisplassar i Aurland og Flåm for at alle skal få det tilbodet dei skal ha og får å få god språk- og arbeidspraksis.

Nokon vil ha høve til å fylgje skuleskyssen til Sogndal, men betyr òg at dei har kortare dagar enn elles då ein kanskje vert gåande i nokre timar i Aurland før ein kan byrje (om ein får språkpraksis i ein butikk). Ein bør å kunne nytte Lærdal som marknad for arbeid og språkpraksis og dette kan ein ikkje per dags dato då skulebussen til Sogndal ikkje stoppar i Lærdal. I tillegg går den fyrste rutebussen til Sogndal/Lærdal klokka 11.55 frå Aurland sentrum noko som gjer at ein ikkje får nytta seg av arbeidsmarknaden i Lærdal. Det gjer det òg utfordrande for brukarar som lyt møte til avtalar på offentleg kontor i Sogndal.

Dette betyr at med mindre dei busette, eller som er i ein vanskeleg livssituasjon, har eigen bil vil dei ikkje kunne nytta seg av arbeidsmarknaden i Lærdal og Sogndal/Kaupanger. Dei færraste flyktningar har økonomi til å ta førarkort eller å kjøpe bil, noko som gjer at dei vil kome dårleg ut på arbeidsmarknaden før dei i det heile får



prøva seg.


Eit forbetra rutetilbod vil òg utvida arbeidsmarknaden for andre arbeidssøklarar i kommunen. Me håpar difor at de vil vurdera å oppretta eit rutetilbod som gjer at brukarar og innbyggjarar i Aurland kommune kan koma seg i retning Aurland sentrum/ Lærdal kommune/ Sogndal kommune før det tidspunktet som er lagt opp til no i rutetabellen.

Linn-Janette Underdal Skarsbø

Flyktingtenesta i Nav Aurland

Mobil: 95 98 46 34

E-post: [linn.janette.u.skarsbo@nav.no](mailto:linn.janette.u.skarsbo@nav.no)



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref:  
18/6032

Dykkar ref.  
18/119-5

Dato:  
23.05.2018

## Rutetilbudet 2019 - Uttale frå Vågsøy kommune

Saka er drøfta i formannskapet.

### Bussruter.

For Vågsøy sin del er det vesentleg at rutetilbudet på RV 15 korresponderer med ekspressbåtrutene i Måløy, med rutetilbud nordover frå Bryggja og nord/sør på Nordfjordeid.

Det må også vere gjennomgåande korrespondanse med ekspressbuss mot Oslo (som ikkje startar i Måløy) og mot Trondheim.

I lokaltrafikken er det viktig at rutetilbud mot Måløy vgsk/Nordfjordhallen og fritidsaktivitetane der etter skuletid, er tilpassa reisemønster. Dette gjeld både rutetilbud frå Selje/Flatraket og bygdelaga i Vågsøy kommune.

### Båtruter.

Det er vesentleg at sørgåande mot Flora vert tilpassa flyavganger.

Det vert også vist til det arbeid som pågår med å betre båtrutetilbudet på kysten, spesielt mellom Flora, Bremanger og Vågsøy nordgåande om morgonen. Og med tanke på realisering av Stad skipstunell, er det viktig å kome i gong med auka båtrefrekvens på kysten.

### Ferje.

På ruta Oldeide-Måløy, må ein tilstrebe å få halvtimesavganger med avgang kvar heil og halvtime. Det ligg eit unytta trafikk potensiale i fleire avganger og enklare rutetabell. Vågsøy støtter her tilsvarande uttale frå Bremanger i 2017.

Husevågøy må ha anløp etter behov.

Med helsing

Knut Ove Leite  
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Sogn og Fjordan fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Samferdsleavdelinga

Vår ref. (oppgjje ved svar)  
18/7621

Dykkar ref.

Dato  
24.05.2018

### Innspel frå Gloppen kommune om rutetilbodet

Formannskapet i Gloppen behandla denne saka på møte den 23. mai i år, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

Formannskapet ber fylkeskommunen:

- gjenopprette kl 18.20 bussruta Sandane - Førde. Dette for også å styrkje rutetilbodet Sandane - Byrkjelo med særleg tanke på skuleungdom ✓
- etablere eit rutetilbod Sandane - Nordfjordeid som er tilpassa start og slutt på ein vanleg arbeidsdag, dette rutetilbodet må gjelde heile året ✓
- opprette ei bussrute mellom Sandane og Stryn som kan fungere som ei skulerute for elevane på dei vidaregåande skulane. ✓

To av punkta er kjem med bakgrunn av innspel frå innbyggerane. Innspela går fram av den vedlagde kopien av møteboka til formannskapet.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure  
rådmann  
Tlf. 476 21 981

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi til:**

Juni Margrete Solbakk Flølo  
Oddny Tordis Grotle Føleide

Breimsvegen 1454  
Nordåsen 68

6827  
6823

BREIM  
SANDANE

**Vedlegg:**

Innspel til fylkeskommunen om endra rutetilbod

24.05.2018



# Gloppen kommune

Arkiv: FA - N02  
JournalpostID: 18/7337  
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure

12 vedlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/18	Formannskapet	23.05.2018

## Innspel til fylkeskommunen om endra rutetilbod

### Rådmannen si tilråding

Formannskapet viser til innspela frå Juni Margrete Solbakk Flølo med fleire og Oddny Grotle Føleide og ber fylkeskommunen ta omsyn til desse ved oppsett av nytt rutetilbod frå 2019.

Særleg vil formannskapet påpeike at rutetilbodet mellom Gloppen og Eid må ta omsyn til at dei to kommunane er ein felles bu-, arbeids- og serivceregion.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Det har kome to innspel til kommunen om endringar i bussrutetilbodet.

Ansvaret for kollektivtilbodet i fylket litt til fylkeskommunen. Fylkeskommunen oppmodar dei som har innspel til ruteendringar om å melde dette til sin kommune for samordning av lokale innspel. Fristen for innspel no er 1. juni i år, og kommunane sin frist er 30. juni.

Det er formannskapet som er 'hovudutval' for samferdslesaker.

#### Innspela

*Frå Juni Margrete Solbakk Flølo med mange andre med-breimningar:*

Vi vil ha bussen 18.20 med retning mot Førde tilbake. Denne ruta vart teke bort frå nyttår av, og dette har skapt mange problem.

Det er ingen buss som går med strekning Byrkjelo-Førde mellom 16.45 og 20.30, som er nesten 4 timar! Dette skapar mange vanskilgheit for spesielt oss breimningar som går på Firda eller ungdomsskulen og som har mykje undervisning på kveldstid, fritidsaktivitetar, jobb, vener og treningar på Sandane. Det er heller ikkje alltid at foreldre kan hente, og at snart myndige ungar skal måtte hentast etter jobb og trening, blir for gale. Dette er ikkje bra, verken for miljøet, bygda eller kollektivtransporten.

Eg, og mange andre, har sendt mail til Kringom ved fleire anledningar og spurt om kvifor denne ruta vart kansellert. Svaret vi fekk var at det var for få som brukte den, og at dei heller ville prioritere andre ruter. I tillegg fekk vi statistikken på tal passasjerar denne ruta hadde i august og september 2017. Dette syns vi var eit dårleg argument, for i august hadde ikkje skulen starta, og mange fritidsaktivitetar startar ikkje før etter haustferien i oktober. Deretter fekk vi beskjed om å henvende oss til kommunen angående saka. Noko vi no gjer.

Så vi bed dykk herved pent, kan de gjere noko så vi kan få 18:20-bussen tilbake? Å vere vekke heimefrå 13 timar i døgnet fleire gongar i veka berre fordi du går på trening, jobbar eller vil

henge med vener, er verken godt for kropp eller sjel. Særleg ikkje i dette prestasjonsamfunnet.

*Frå Oddny Grotle Føleide:*

Eg ønsker meg ei bussrute frå Sandane til Nordfjardeid om morgonen, slik at ein kan nå ein jobb som startar kl 8.

Slik det er no går det buss 07.55; og den er på Eid kl 08.45. Dette er vel mest ei skulerute. Frå Eid til Sandane går det buss kl 07.10, ferje 07.20. Det måtte gå å få til ei bussrute frå Sandane på same tidspunkt. Bussen tilbake går tilbake 16.10, men det er berre når skulane er opne. I skuleferiar går det ikkje buss til Sandane frå Eid etter 14.15 , før kl er ca 19.30!

Skal vi spare miljøet, og det vil vi vel i Gloppen, må vi prøve å reise kollektivt, og dermed få til bussruter som passar inn til arbeidstida . Det er og billigare å ta buss, no når ein slepp betale for passasjerer på ferga. Eit mnd-kort til Eid med buss kostar godt 1000 kr. Skal du køyre med bil, kostar det, med verdikort over 100 kr pr dag. Det blir over 2000 pr mnd pluss drivstoff og slitasjar. Dersom folk får busstilbod som passar, trur eg at fleire vil reise kollektivt. Det er ganske mange som pendlar til Eid.

Det er nesten litt rart at ein ikkje har oftare bussforbindelse mellom desse kommunane. Til dømes er der bussar som går Florø-Førde t/r kvar time og oftare. Dei går nok ofte med få passasjerar.

Håper dette let seg ordne, då eg etter over 10 år som pendlar med buss til Førde skal ta til å pendle til Eid fra januar 2019, og forsatt ynskjer å reise kollektivt.

### **Rådmannen si vurdering**

Rådmannen har bede om ein uttale frå ungdomsrådet på innspelet frå Juni Margrete Solbakk Flølo, men har ikkje fått noko tilbakemelding når dette er skrive.

Til liks med Oddny Grotle Føleide er rådmannen forundra over kor dårleg rutetilbodet er mellom Sandane og Nordfjardeid når vi veit kor mange som pendlar mellom desse tettstadene. Her er det openbert at noko må gjerast m.a. for å følgje opp fylkeskommunen sin strategi for tettstad og senterstruktur der Gloppen og Eid er same bu-, arbeids- og serivcereion. Som Grotle Føleide påpeikar vil truleg langt fleire reise kollektivt mellom Sandane og Nordfjardeid viss busstilbodet blir betre.

Rådmannen meiner også at fylkeskommunen må gjere ei ny vurdering av innspelet frå Juni Margrete Solbakk Flølo og legge vekt på dei agrumenta som er lagde fram.

### **Formannskapet 23.05.2018**

#### **Behandling**

Forslag frå SP, framlegg frå Magni Aa Berge, Senterpartiet

Formannskapet ber fylkeskommunen opprette ei bussrute mellom Sandane og Stryn som kan fungere som ei skulerute for elevane på dei vidaregåande skulane.

#### **Framlegg frå Svein-Ottar Sandal (Krf):**

1. Formannskapet ber fylkeskommunen gjenopprette kl 18.20 bussruta Sandane-Førde. Dette for også å styrkje rutetilbodet Sandane-Byrkjelo med særleg tanke på skuleungdom.

2. Formannskapet ber fylkeskommunen etablere eit rutetilbod Sandane - Nordfjardeid som er tilpassa start og slutt på ein vanleg arbeidsdag, dette rutetilbodet må gjelde heile året.

Det vart røysta slik:

Pkt 1 i framlegget frå Svein-Ottar Sandal, samrøystes

Pkt 2 i framlegget frå Svein-Ottar Sandal, samrøystes

Framlegget frå Magni Aa Berge, samrøystes.

#### **FOR- 050/18 Vedtak**

Formannskapet ber fylkeskommunen:

- gjenopprette kl 18.20 bussruta Sandane - Førde. Dette for også å styrkje rutetilbodet Sandane - Byrkjelo med særleg tanke på skuleungdom
- etablere eit rutetilbod Sandane - Nordfjardeid som er tilpassa start og slutt på ein vanleg arbeidsdag, dette rutetilbodet må gjelde heile året
- opprette ei bussrute mellom Sandane og Stryn som kan fungere som ei skulerute for elevane på dei vidaregåande skulane.

Vedtaket var samrøystes.



**Fra:** Britt Mari Reksten [britt.r@icloud.com]  
**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]  
**Kopi:**

**Sendt:** 31.05.2018 15:10:45  
**Emne:** : Båtruter sak18/119  
**Vedlegg:**

V

14

Sendt fra min iPhone  
Videresendt melding:

**Fra:** Britt Mari Reksten <[britt.r@icloud.com](mailto:britt.r@icloud.com)>  
**Dato:** 31. mai 2018 kl. 14:57:42 CEST  
**Til:** [hovden.cristian@gmail.com](mailto:hovden.cristian@gmail.com)  
**Emne: Fwd: Båtruter**

Sendt fra min iPhone

**Til:** [hovden.christian@g.mail.com](mailto:hovden.christian@g.mail.com)  
**Emne: Fwd: Båtruter**

Videresendt melding:

**Fra:** Britt Mari Reksten <[britt.r@icloud.com](mailto:britt.r@icloud.com)>  
**Dato:** 31. mai 2018 kl. 09:18:58 CEST  
**Til:** [wenche.hovden@eninvest.net](mailto:wenche.hovden@eninvest.net)  
**Emne: Båtruter**

Takker for at vi kan få komme med innspill.  
Furesund grendalag har ønske om å få et rutetilbud i helgene.der en kan komme seg til byen lørdag(skall en på cafe med barna må en reise på en lørdag kl.0710) og søndag og muligheter for å komme seg hjem visst vert en tur foreksempel i rognaldsvåg(.barn på overnatting,klubb osv)

Slik det er nå kommer de seg til Florø så må de hentes(båten går forbi....lite miljøvennlig )

Furesund hører til rute vest så når det er rundkjøring på kveldsruta blir den så lang reisetid og sent fremme at det ikke e noe alternativ for oss å bruke den(barn på aktiviteter kommer hjem 2130....ruta går kl2000...og det er ca8 og ca15 min reisetid fra Florø til F.kavlen og S.nekkøy

ønske er da å få være med Søre rute de kveldene Vest rute går rundt d.v.s mandag ,onsdag og Torsdag....

Kunne vi hatt mulighet for det....så ville det opnet seg andre muligheter for barn som vil på aktiviteter.(det er 26 fastboende på F.kavlen 10 av de e barn)

8 fastboende +3 barn på søre nekkøy.)  
På forhand takk for forståelsen

Mvh Furesund grendalag for Christian Hovden

Sendt fra min iPhone

15

### Innspel til kollektivtilbod i Sogn og Fjordane 2019.

- Buss frå Smørhamn direkte til Grotle 12. 00 når hurtigbåt frå Bergen har anløp, ikkje via Kalvåg. Eiga rute til Kalvåg. ✓
- Hurtigbåt frå Bremanger om morgonen som korresponderer med fly vidare. ✓
- Rute 14-667 frå Oldeide til Hauge bør gå kvar vekedag. Endestopp flyttast frå Hauge til Grotle. ✓
- Flyruter til/frå Florø som passar med hurtigbåt til/frå Smørhamn. ✗ ✓
- Rute 14-667 Hauge skule – Bortnen og vidare til Isane må få satt opp rute i retur slik at ein kan ta passasjer frå Isane til Hauge når bussen køyrer ut til Bremanger igjen. Rute-start/stopp flyttast frå Hauge skule til Grotle. ✓
- Det bør setjast opp ei god gjennomgåande god rute for elevar ved Firda og Eid VGS til ytre Bremanger (Grotle og Kalvåg) fredag etter ferdig skuledag. ✓

### Viktige tiltak for betre infrastruktur til kollektivtilbod i ytre Bremanger

- Busskur langs vegane og tilhøyrande avkøyringslommer. Smedvik, Hauge og Svarstad prioritet.
- Vær-skur på Hauge skule for elevar som ventar på skulebuss. Skur manglar tak.
- Merking av busstopp med blått busskilt lags rutene.
- Fleire parkeringsplassar i Smørhamn slik at bussar kan få snu utan hindring samt at at reisande med rutebåt kan få parkere.
- Lys på Grov trafikknutepunkt. Her er det heilt svart! (Ikkje i ytre Bremanger, men eit viktig knutepunkt for bremangarar).

Samarbeidsutvalet Hauge Skule  
Leiar Annette Svarstad

Vest vidareseidd

Bremanger 01.06.2018

**Fra:** Inge Håvard Aarskog <Inge.Havard.Aarskog@aurland.kommune.no>  
**Sendt:** 5. juni 2018 15:10  
**Til:** Postmottak Sentraladm  
**Emne:** Spørsmål - Rutetilbudet 2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune har invitert brukarar av kollektivtilbudet til å komme med innspel til forbetringar av tilbudet. I samband med at denne invitasjonen blei lagt ut på kommunen si heimeside kan det vera at nokon har sendt innspel direkte til dykk. Ber med dette om at de ser etter om det kan ha kome innspel som skulle ha vore retta til Aurland kommune.

Helsing/Best regards

Inge Håvard Aarskog  
Næringssjef  
Aurland kommune  
Mob: +47 948 01 823  
[www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no)



Aurland kommune  
-det naturlege valet



Sogn og Fjordane Fylkeskommune Postmottak

**Vår ref:**

Sak: 17/2957 JplD: 18/8895 Sbh: KRD

**Dykkar ref.**

**Dato:**

08.06.2018

## Innspel til endra rutetilbod frå Fellesnemnda for Eid og Selje

Fellesnemnda for Eid og Selje (nye Stad kommune) syner til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin invitasjon til å spele inn forbetringar av rutetilbodet frå juni 2019.

Nye Stad kommune blir etablert frå 1.1.2020. Eit godt fungerande kollektivtilbod er svært viktig for å binde den nye kommunen saman. Det gjeld ikkje minst mellom dagens to kommunesenter Eid og Selje, som også i framtida vil dele på dei administrative funksjonane i den nye kommunen.

Vi har også mål om å få til eit godt fungerande kultur-, idretts- og fritidstilbod for den nye kommunen som heilskap, med mål om at Stad kommune skal vere ein god stad å vekse opp for born og unge. For born og unge i Stad kommune er eit godt kollektivtilbod - også på ettermiddag/kveld og i helg - særleg viktig.

Dagens kollektivtilbod mellom Eid og Selje er ikkje godt nok til å dekke behova for samhandling og framtidsretta utvikling i nye Stad kommune - verken for arbeidspendling, vidaregåande skule eller fritidsaktivitetar.

Vi har difor følgjande prioriterte konkrete innspel til ruteendringar frå hausten 2019:

- Det må frå august 2019 etablerast pendlarrute/skulerute frå Selje/Stadlandet til Nordfjordeid om morgonen, med retur på ettermiddag.
- På ettermiddag/kveld går i dag siste buss frå/til Selje kl 16. Det må etablerast ei rute mellom Selje og Eid på kveldstid.
- Det må søkast å oppnå betre kommunikasjon med regionale buss- og båtruter. Det må vere eit mål å gjeninnføre gjennomgangsroute Måløy-Ålesund.

Vi vil også gjerne samarbeide med fylkeskommunen om å utvide dagens ordning med transport for ungdom i Selje kommune, der det i dag er slik at ungdom betaler 20 kr for transport til/frå fritidsaktivitetar og resten blir dekkja kommunen etter tilskot frå fylkeskommunen. Denne ordninga kan med fordel utvidast, slik at vi får ei fleksibel og god transportordning for ungdom i heile nye Stad kommune.

Fellesnemnda for Eid og Selje har ei klar forventning om at Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider med nye Stad kommune om å legge opp eit samla rutetilbod som er tilpassa den nye kommunestrukturen frå 1.1.2020. Vi vil gjerne ha eit eige møte med fylkeskommunen for å drøfte utvikling av eit slikt tilbod i åra framover.

V

Venleg helsing

Kristine Dahl  
prosjektkoordinator

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**

Alfred Bjørlo


Bjørlo

6770

NORDFJORDEID

Selje kommune v/ Stein Robert Osdal

ghe



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Lekanger

Dykkar referanse:  
03.05.2018

Sakshandsamar:  
Trond Ueland  
Tlf. 57612705

Vår referanse:  
18/1502-4-TU-  
FA - N11

Dato:  
21.06.2018

## Rutetilbudet 2019 Invitasjon til å komme med endringar i rutetilbudet i Sogn og Fjordane

Vi viser til brev datert 3. juni 2018 om invitasjon til å kome med endringar i rutetilbudet i Sogn og Fjordane for 2019.

Vi vil inleiingsvis vise til at vi frå 2020 blir ein ny kommune – Sunnfjord kommune – og at integrasjon mellom Førde, tettstadane Skei, Vassenden, Sande, Bygstad og Naustdal, og bygdene rundt, er særleg viktig for å bygge den nye kommunen. Transport blir sentralt her. Vi vil gjerne etablere ein dialog med fylkeskommunen om korleis vi skapar ein best mogeleg kvardag for innbyggjarane våre.

Vi har elles fått to innspel om rutetilbud i Førde. Det eine gjeld ein elev på 16 år som som bur på hybel i Førde og som saknar betre ringbusstilbud. Ho ser behov for «... ein ringbuss som korresponderer med bussen som kjem frå Sogn/Vadheim til Førde i 18-tida på søndager. For dei som bur på hybel i område der vanlege rutebusser ikkje køyrer forbi har det stor betydning å kunne ta ringbussen til hybelen også på søndager. I vårt tilfelle frå rutebilstasjonen forbi Grovene mot Angedalen».

Det andre innspelet gjeld manglande rutetilbud til Ulltang, spesielt på ettermiddags- og kveldstid. Det blir peika på at det bur mange på Ulltang, og at bustadfeltet ligg såpass langt ute at ein i røynda er tvungen må køyre bil til ulike aktivitetar som barn og unge deltek på. Det er derfor ønskjeleg å etablere eit rutetilbud med to avgangar på ettermiddagen og kveld – t.d. kl 16 og 18 frå Ulltang og retur kl 20 og 22. Det blir peika på at tilbudet gjerne kan starte som eit prøveprosjekt og gjennomførast med ein minibuss.

Avslutningvis vil Førde kommune formidle ei stor uro over at ekspressbusstilbudet på morgonen mellom Førde og Bergen er lagt ned frå 1. juni 2018. Denne uroa har vore drøfta i formannskapet der administrasjonen vart beden om å ta dette vidare. Grunnen til dette er, slik vi forstår det, at Nettbuss avsluttar kommersiell rute frå Sogndal -05.05 – Vadheim – Bergen, og fordi bussen frå Førde korresponderer med denne bussen i Vadheim, fell derfor tilbudet frå Førde til Bergen også vekk. Med ein tettare integrasjon på Vestlandet, og særleg mellom Sogn og Fjordane og Hordaland, er det svært uheldig at eit så viktig morgontilbud til Bergen blir borte. Tilbudet, som gjaldt avgang frå Førde kl 06.15 med ankomst Bergen 09.45, gav mange høve til å kunne delta på møte, seminar

og konferansar i Bergen på dagtid. Det gjorde det òg mogeleg å ha fleire arbeidsdagar i Bergen i veka og samstundes bu i Førde. Det går ikkje lenge. I samband med etablering av Sunnfjord kommune er det òg viktig å etablere gode og strategiske samarbeid med ei rekkje regionale aktørar i Bergen og Hordaland. Morgonruta til Bergen er med på å svekke dette arbeidet.

Med helsing

Ole John Østenstad  
rådmann

Trond Ueland  
Kommunalsjef

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.





Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Lekanger

Vår ref. (oppgjør ved svar)  
18/9078

Dykkar ref.

Dato  
26.06.2018

## Innspel frå Nordfjordsrådet - rutetilbod i Sogn og Fjordane, sak nr 18/119

Nordfjordsrådet har vedtatt følgjande innspel på rutetilbodet for 2019 i Sogn og Fjordane.

Nordfjordsrådet er opptekne av utvikling av skuletilbodet, og samarbeid mellom skulane i regionen. Dei fire vidaregåande skulane i Nordfjord ynskjer å samarbeide i større grad enn det som er mogeleg i dag. Dette for å kunne tilby elevane i Nordfjord eit breitt fagtilbod på studiespesialiserande. Det er viktig for Nordfjordregionen at elevane ved Nordfjordsskulane kan få eit fagtilbod som har like stor bredde som elevane får i Sunnfjord og Sogn. For at Nordfjordsskulane skal kunne tilby dette må ein i større grad samarbeid om undervisning på tvers av skulane gjennom bruk av digitale løysingar. Alle skulane er i dag godt rusta til ta i bruk ny teknologi gjennom undervisning i digitale klasserom. For elevane er det viktig at undervisninga og oppfølging av lærar kan gjennomførast i sann-tid.

Grunna ulike start og slutt-tider ved skulane har dette så langt vore vanskeleg å organisere på ein god måte. Det er difor eit samla ynskje frå skulane at bussrutene vert justert slik at det vert mogeleg med felles start- og slutt-tidspunkt for alle dei fire skulane. Skulane ynskjer å foreslå ei ytre ramme for skuledagen frå 08.30 til 16.00.

I dag har skulane desse tidene:

	Start	Slutt
Firda	08.30	15.50
Stryn	08.55	15.30
Eid	08.45	16.00
Måløy	08.45	15.45

For at elevar i vidaregåande skule skal få høve til å bu heime og pendle mellom skulane, er det viktig at det vert lagt til rette med gode og tilpassa rutetider. Elevar som bur innan 7 mils reiseavstand til ein vidaregåande skule, må kunne nå fram til skulen innan ei reisetid på ein time. Det bør også leggast til rette slik at elevane maksimalt har ei ventetid på 10 minutt før skulestart og etter skuleslutt. I dag har ein del elevar lang ventetid både på morgon og ettermiddag. Dette er belastande for elevar som i tillegg har lang reiseavstand til skulen.

Vi er klar over at det er ei utfordrande oppgåve å endre busstidene i høve til samordning med transport for elevar ved grunnskulane.

Nordfjordsrådet ynskjer også å kome med innspel på rutetilbodet nord-sør på kysten. Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å

endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen sin eigen strategiske plan for kysten.

Betere kollektivtilbod er viktig for utvikling av større bu-, arbeids- og servicemarknader i Nordfjord, særleg for arbeids- og skulependling. Det bør utgreiast ei ordning med hyppigare avgangar, til dømes timesavgangar, mellom BAS-sentra i Nordfjord (Måløy, Nordfjordeid, Stryn og Sandane), med god korrespondanse til dei andre tettstadene i regionen.

Vennleg helsing

Kristin Maurstad  
Leiar for regionrådet

Roger Aa Djupvik  
Dagleg leiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

## Rutetilbodet 2019 Sak nr: 18/119

Sender her over dei innspel vi har fått, og kommunen sine innspel til rutetilbodet for 2019.

Vi rår til at fyljande innspel vert vurderte og teke hensyn til i arbeidet med rutetilbodet 2019.

### Tidleg buss til Bergen:

Etter at Nettbuss la ned ekspressbussen frå Sogndal via Vadheim til Bergen den 4.juni, er det inga tidlegrute til Bergen. Dette er uheldig, spesielt no når samanslåingsprosessen mellom våre to fylke er i gong.

For Gulen var dette ei viktig rute, då ein kunne nytte buss til Bergen og få ein heil dag til rådighet der. Slik det er no vert ein avhengig av privatbil om ein skal til Bergen.

Denne ruta var vel komersiell, og gjekk utan tilskot, men vi meiner at det bør arbeidast for å få tilbake ei tidlegrute til Bergen frå Sogn og Fjordane.

### Bussrute Skjerjehamn, Vassvik og Lid:

Det har vore ein diskusjon om kor vidt desse rutene er endra?

Vi får opplyst at det ikkje har vore endringar der etter at det nye anbudet tredde i kraft, og det ser ut som om rutene vert køyrde som før.

Då må rutehefte endrast slik at det samsvarar med dei rutene som går.

### Innspel til ny rutegjennomføring i Ytre - Gulen Byrknes - Mjømna - Sandøy - Sløvåg.

Ny veg mellom Skipavik med påkopling på eksisterende FV 004 ved Storenes er snart ferdig. Det er difor på tide å planlegge bussrut trassèen og rutetider som skal fungere etter vegopning som trulig skjer før skulestart 2018.

Den nye vegen vil føre til at Sandebyggda kan bli tilknytt rutetenestene på lik linje med andre bygder i i kommunen og Ytre Gulen, uten nevneverdig auke i køyretid mellom Byrknes og Sløvåg.

Etter vegopning vil bussane, ved omlegging av rutetrassè, sleppe kjøre over Ånnelandsfjellet, men over Sande - Skipavik og derfrå følgje den nye vegtrassèen

mot Brandangersundbrua og Sløvåg og same trassèen tilbake. Dette er mulig i alle ruter som i dag trafikkerer i området.

Endring av rutetrassè vil føre til ein bil mindre i utføring av skulerutene. (drosjebil i dag mellom Sande og Ånneland veg kryss).

Endringa vil ikkje føre til endra avgangstider frå Byrknes 06.45 eller Dalsøyra kl 09.25, mot Eidsbotn og Sløvågområdet, som i dag er tilknytt ekspressbåtsambandet i Ytre Gulen. Det kan være ein fordel med ei mindre justering i avgangen frå Sløvåg kl. 07.40 til kl. 07.37 om morgonen. Det vil jevnt over fungere likevel med god kommunikasjon med ferja for å ivareta korrespondansen frå Leirvåg og bussane frå Masfjorden og Rutledal som har korrespondanse på Sløvåg samtidig. Vi vil då som før kunne ivareta reisetilboda slik dei er i dag frå store deler av Nordhordland, Masfjorden kommune, Rutledal/Dalsøyra og heilt til Nåra og Hardbakke i Solund i skuleåret. Det er ein styrke for rutene å kunne halde på denne korrespondansen og det klarer vi også på returen om ettermiddagen.

Rute omlegginga vil fungere godt for alle ruter, linje1164 og 1179 og 1180

Rute detaljar: tabell 14 315 Alle ruter går som tidlegare frå Byrknes til Ånneland vegkryss, derifrå endring til Sande med + 3 minutt, mellom Sande og Skipavik 1.0 km er ca 1-2 min. derifrå ny vegtrassè til Storenes 2-3 min. Ein slepp kjøre over Ånnelandsfjellet og sparer 3 min. det blir såleis kun 2 – 3 minutt lenger køyretid ved omlegging av ruter til Sande og Skipavik. Skipavik er ei av dei største nærings- og industristadane i Gulen, der mange pendlar til og frå kvar dag.

TABELL 14 - 315

<b>Gardvågen</b>	0645	...	0745	...	0825	0955	...	...	...
Byrknes butikk	0646	...	0750	...	0830	0956	...	...	1415
Grima		...		...			...	...	
Grimesundet kryss	0649	...	0754	...			...	...	1419
Mjømna kryss	0658	...	0804	...	0849	1014	...	...	1429
Mjømna kai	0700	...	0805	...	0850	1015	...	...	1430
Mjømna kai	0700	...	...	...	...	...	...	1020	1440
Mjømna kryss	0706	...	...	...	...	...	1021	1021	1441
Randal		...	...	...	...	...	1022		
Vassvik kryss		...	...	...	...	...	1023		
Skjerjehamn		...	...	...	...	...	1025		
Midtbo		...	...	...	...	...	...	1027	
Ånneland	0710	...	...	...	...	...	...	1028	1450
<b>Sande</b>	<b>0715</b>	...	...	...	...	...	...	1030	1455
<b>Skipavik</b>	<b>0718</b>	...	...	...	...	...	...		1503
Fivelsdal	0730	...	...	...	...	...	...	1045	...

Sløvåg ferjekai	0735	0740	...	0840	...	...	...	1050	...
Eidsbotn	...	0800	...	0845	...	...	...	...	...
<b>Dalsøyra</b>	...	0810	...	0905	...	...	...	...	...

1 Mot førehandstinging tlf. 57 72 50 00 mandag til fredag kl 07.30-15.30.

2 Dersom passasjerar.

b = Mot førehandstinging tlf. 57 72 50 00 mandag til fredag kl 07.30-15.30.

I tabell: | = Passerer ikkje staden

I daglinje: 1 = Måndag, 2 = Tysdag, 3 = Onsdag, 4 = Torsdag, 5 = Fredag, 6 = Laurdag, 7 = Søndag, D = Dagleg, S = Skuledagar, X = Unntatt



<b>Dalsøyra</b>	...	...	...	...	...	1615	...
Eidsbotn	...	...	...	...	...	1625	...
Sløvåg ferjekai	...	0935	...	...	...	1635	...
Fivelsdal	...	0940	...	...	...	...	...
<b>Skipavik Sande</b>	...	<b>0950</b> <b>09.55</b>	...	...	...	...	...
Ånneland vegkryss	...		...	...	...	...	1700
Ånneland	...		1516b	...	...	...	1702
Ånneland	...	1000		...	1515	...	1703
Midtbø	...	1002		...		...	...
Skjerjehamn	1004			1519		...	...
Vassvik kryss	1006			1521		...	...
Randal	1007			1522		...	...
Mjømna kryss	1008	1013	1518b	1523	1531	...	...
Mjømna kai	1010	1015	1535	1525	1532	...	...
Mjømna kryss	...	...	1536	...	...	...	...
Byrknes butikk	...	...	1548	...	...	...	...
<b>Gardvågen</b>	...	...	1550	...	...	...	...

Fotnoter:

<b>Dalsøyra</b>	0720	...	...	...	0925	...	...	...	.
Eidsbotn	0730	...	...	...	0935	...	...	...	.
Sløvåg ferjekai. Korresp. Byrknes og Gardvågen	0737	...	0740	...	0940	...	...	...	16
Fivelsdal Skipavik Sande		...	0745	...	0945	...	...	...	16
Ånneland kryss	...	...	0750	...	0950	...	...	...	16
<b>Sande</b>	...	0752		...		...	...	...	
Midtbø	...			...		...	...	...	
<b>Ånneland</b>	...	0753	0755	...	1000	...	...	...	17
Midtbø	...	...		1002		...	...	...	
Skjerjehamn	...	...		1004		...	...	1734	
Vassvik kryss	...	...		1006		...	...	1736	
Randal	...	...		1007		...	...	1737	
Mjømna kryss	...	...	0805	1008	1008	...	...	1738	17
Mjømna kai	...	...	0810	1010	1010	1020	1620	1740	17
Mjømna kryss	...	...	0815	...	...	1021	1621	...	.
Byrknes butikk	...	...	0823	...	...	1033	1633	...	.
<b>Gardvågen</b>	...	...	0825	...	...	1035	1635	...	.



Fotnoter:

1 Mot førehandstinging tlf. 57 72 50 00 mandag til fredag kl 07.30-15.30.

2 Kører ikkje i perioden:

01/04/2018 -01/04/2018

3 Dersom passasjerar.

b = Mot førehandstinging tlf. 57 72 50 00 mandag til fredag kl 07.30-15.30.

c = Dersom passasjerar.

d = Dersom passas

**Innspel til rute 14-313, sone C, Sunnfjord og Ytre Sogn i Kringom sin rutetabell for lokalbusser.**

<http://www.kringom.no/planlegging-av-rutetilbodet-fraa-23-juni-2019.6114674-318872.html>

<http://kringom.custompublish.com/rutetabell.383963.no.html?rid=606817>

Einaste oppføring som omhandlar Dingja er; «frå Dingja skuledagar kl 08.25». Vi som bur her veit at dette er ein skulerute. Dei færreste er klar over at denne avgangen er å finne i ein rutetabell, og faktisk kan nyttast av alle. Ifølge denne rutetabellen finns det inga retur «buss» til Dingja. Avgangen som går til Dingja ca kl 14:30 burde vore med i tabellen. Det uheldige med denne «einaste ruta» er at den korresponderer ikkje med nokre andre kollektivtilbod, då tenker ein spesielt på ekspressbåt. I same rutetabell har passasjerar frå Mjånes ferjekai muligheit på vekedagar å førehandstinge buss vekedagar kl 9:55. Denne køyrer så til Sollibotn kai, kor ein då har muligheit å komme seg til Bergen. Ekspressbåten frå Bergen er i Sollibotn kl 18:05 vekedagar og søndag. Då har passasjerar til Mjånes ferjekai fått bussen til å køyre til ferjekaia. Dette turen er heller ikkje rutesett, og burde vore det. Frå Mjånes ferjekai til busstopp i Dingja er det 5 minutt køyring.

Innbyggjarane i Dingja ønsker å ha same muligheit med førehandstinging som reisande frå Mjånes ferjekai, og vi meiner dette må la seg løyse. Avgang frå Dingja på morgonen kl 9:50 vekedagar og kl 18:45 søndag vil vere fornuftig, søndagen spesielt for dei som er vekependlare. Då vil fastbuande og hyttefolk kunne reise kollektivt til og frå Bergen, med retur frå Sollibotn til Dingja vekedagar kl 18:05. I desse tider blir vi støtt oppfordra til å reise kollektivt, om det er privat eller ein har avtaler i helsevesenet. Etter nye vegen frå Dingja til Eivindvik kom i 2007 ble det lettare for innbyggjarane å komme seg til kommunesenteret med privat bil. Frå 1988 har det vore lokalbåt som hadde ruta Dingja-Straume-Nyhammer-Sollibotn-Dingja. Denne vart også nytta av skuleborn. Både før og etter «nyevegen» kom, var denne svært viktig for dei som ikkje nyttar eigen bil. Men denne ruta blei avvikla då ferjesambandet Mjånes-Hisarøy vart opna i 2013.

Håper politikarane kan sette seg inn i rutetabellen og skjønne at Dingja har eit «ikkje eksisterande» kollektivtilbod. For fastbuande og tilreisande vil det vere positivt om ein kan få muligheit å reise kollektivt.

Med helsing

Hallvard Oppedal  
Ordførar

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

**Fra:** Morten Askvik <Morten.Askvik@hyllestad.kommune.no>  
**Sendt:** onsdag 27. juni 2018 10:51  
**Til:** Postmottak Sentraladm  
**Emne:** 18/119

Din referanse: 18/119

Etter vedtak i formannskapet i møte den 26.06.2018 har Hyllestad kommune følgjande innspel til rutene for 2019.

### **Innspel til rutene 2019**

Rutetilbudet generelt må ikkje reduserast. Dagens tilbud er på eit minimum og ytterlegare reduksjon kan ikkje akseptierast. Det er viktig å styrke tilbudet både mot resten av fylket og internt i kommunen skal det vere realistisk at fleire nyttar kollektivtilbudet i kvardagen. Vidare er det viktig å oppretthalde og styrke Rysjedalsvika som knutepunkt mellom hurtigbåtane, både sognebåten og nordfjordbåten, fergene og busstilbudet i kommunen og regionen.

Skuleruta Hyllestad - Dale er viktig for at elevane som går på Dale vgs kan bu heime. I dag brukar ruta lang tid med fleire stopp undervegs som tek totalt for lang tid. I sum gjer dette at reiseruten tek for lang tid. Betre samordning er eit viktig tiltak for å redusere reisetida.

Det er viktig å oppretthalde ordningar som gjer at ungdom kan nytte rimeleg kollektivtilbod for å reise i eige kommune og omkring i kommunen. Det er og viktig å sjå på moglegheiten av å utvide eit tilbod lokaltransport for ungdom til og å gjelde flyktningar.

Når det gjeld båttilbudet er det viktig at det vert styrka med fleire anløp til Rysjedalsvika for hurtigbåtane. Desse rutene er viktige for ungdom som må bu på hybel og som reiser heim i helgane. Gjeld særleg ungdom som er studerer i Bergen, Sogn og Nordfjord. For å få god moglegheit til å nytte båttilbudet langs kysten for elevar er det behov for at båten mellom Bergen og Nordfjord køyrer innom Rysjedalsvika på veg nordover søndag. Rysjedalsvika er det naturlege tilknytningspunktet mellom sognebåten og nordfjordbåten. Rysjedalsvika er eit viktig punkt for samanbinding internt i fylket og mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Derfor er det viktig at alle ruter har anløp i Rysjedalsvika.

21



Ferjetilbodet Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella er viktig for arbeidspendling og for samarbeidet mellom kommunane og andre organisasjonar. Dette tilbodet må oppretthaldast på dagens nivå. Det bør vere fleire avganger mellom Rysjedalsvika-Rutledal. Vi ser at ved stengning på E-39 vert behova store. I tillegg er det behov for fleire anløp for å dekke næringslivet sine behov.

Serviceskyss: Serviceskyssen er svært viktig for dei som bur i utkantane av kommune, og bør minimum oppretthaldast som i dag.

*I gjeldande rute kjem bussen frå Rysjedalsvika til Lavik 10 minutt etter at bussen frå Bergen via Oppedal Lavik har gått frå Lavik. Her bør det vere mogleg å gjere tilpassingar som fører til at bussane korresponderer.*

For dei som går på Dale vgs er det fleire aktivitetar etter skuletid. Siste buss heim til Hyllestad går 17:20, og den går til Rysjedalsvika. For dei som bur på Sørbøvåg, Skifjorden og ytre Fjaler er det ingen bussar heim utanom den skuleruta. Kvar torsdag er det open skule på Dale vgs, og vi ønskjer ein buss frå Dale til Sørbøvåg via Hellevik cirka 17:30. Dette er slik at fleire skal kunne delta på eit slikt sosialt arrangement.

Å kome seg til og frå Førde i ein vekedag, til dømes om ein skal delta på eit arrangement, er svært vanskeleg. Døme: Siste buss til Hyllestad kommune går 16:10 frå Førde, og gjer det derfor uaktuelt å delta på arrangement dersom ein er avhengig av buss for å kome seg heim. Siste buss til Lavik går 18:15, noko som også er tidleg. Vi ønskjer ein buss frå Førde til Hyllestad via Dale med avgang frå Førde 19:30. Vi ser at det brukarfrekvens kan verte utfordrande. Eit anna alternativ kan vere å setje opp ein minibuss frå Lavik til Hyllestad då bussen frå Førde 18:15 kjem til Lavik 19:30.

Morten Askvik

Ordførar

**Hyllestad Kommune**

57789505

98885997

[morten.askvik@hyllestad.kommune.no](mailto:morten.askvik@hyllestad.kommune.no)



# Gloppen kommune

Rådmannen

22

Sogn og Fjordan fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

v/Samferdsleavdelinga

Vår ref. (oppgjje ved svar)  
18/9501

Dykkar ref.

Dato  
27.06.2018

## Oversending av innspel frå Eid Taxi Sentral AS om rutetilbodet mellom Sandane og Nordfjordeid

Gloppen kommune har tidligare sendt inn våre innspel til endringar i rutetilbodet for 2019 i brev av 24. mai 2018. Eit av innspela var retta mot eit betre rutetilbod mellom Sandane og Nordfjordeid for pendlarar. Kommunen har i ettertid blitt kontakta av Eid Taxi Sentral AS med dette innspelet:

Eid Taxi Sentral AS køyrer ein minibuss frå Nordfjordeid til Sandane lufthamn kvar morgon, som køyrer tom tilbake. Minibussen kunne vore nytta i eit rutetilbod frå Sandane sentrum kl 06.25, og vore på Nordfjordeid rutebilstasjon kl 7. Det er då korrespondanse vidare til Måløy, Volda og Ålesund. Skuleelevar og pendlarar ville vore i Måløy før kl 8 om morgonen.

Vi sender vidare innspelet – som vi berre har fått munnleg. Til grunn for innspelet frå Eid Taxi Sentral AS ligg dagens flyruter til og frå Sandane lufthamn. Desse kan sjølvstakt bli endra. Gloppen kommune ber om ei pendlarrute mellom Sandane og Nordfjordeid som ikkje er knytt opp mot flyrutene, men er sjølvstakt opne for ei samordning når dette let seg gjere.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure  
rådmann  
Tlf. 476 21 981

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Kopi til:

Birte Fossheim  
Eid Taxi Sentral AS  
Leidulf Glopestad

Osvegen 10

6770

NORDFJORDEID

Adresse  
Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon  
57 88 38 00

Org.nr  
964 969 124

E-post  
post@gloppen.kommune.no

Internett  
www.gloppen.kommune.no

**Fra:** Tiffany Huston [Tiffany.Huston@vagsoy.kommune.no]

**Til:** Kringom [Kringom@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 26.06.2018 13:27:03

**Emne:** Rute 14-852 Måløy-Raudeberg-Kvalheim

**Vedlegg:**

23

X

Hei!

Jeg kontakter dere på vegne av Turistinformasjonen i Vågsøy kommune.

Vi opplever etterspørsel etter buss tur/retur Måløy-Refvik. Sandstranden i Refvik er en svært populær attraksjon blant turister i Vågsøy, men vi opplever at rutetabellen gjør det vanskelig for en dagstur til Refvik for dem som ikke har tilgang på bil. Ruten har også blitt spesielt begrenset nå når skolene har tatt sommerferie. De mulighetene som finnes for tur/retur Måløy-Refvik kjører ifølge rutetabellen ikke i perioden 25.06.2018-17.08.2018.

#### **Rute 14-852 Måløy-Raudeberg-Kvalheim**

I følge denne ruten er det beste alternativet å følge bussen fra Måløy terminal klokken 10:00, der den følger ruten rundt Nord-Vågsøy og er på Refvik klokken 10:15, og deretter tilbake i Måløy 10:45. Bussen går så fra Måløy igjen klokken 13:00 og er på Refvik klokken 13:30. Denne går så fra Refvik til Kvalheim Ytre, der den stopper for godt klokken 13:43. Jeg har dermed noen spørsmål angående dette:

1. Kvalheim Ytre er ikke vanligvis et naturlig endepunkt for busser i dette området. Returnerer ikke denne bussen til Måløy?
2. Dersom den returnerer til Måløy, men vanligvis ikke i rute, er det ikke mulighet å tilby passasjerer å følge bussen tilbake til Måløy, slik at tur/retur Måløy-Refvik på dagtid blir mulig?
3. Har dere eventuelt forslag til andre muligheter for turister og tilreisende som ønsker dagstur til Refvik med kollektivtransport?

Det har vært vanskelig for Turistinformasjonen å finne en løsning på dette problemet, så jeg håper dere kan hjelpe. Jeg var i kontakt med ruteopplysningen (177) i formiddag og de anbefalte å ta direkte kontakt med busselskapet som har lokalbussene i SONE G (Midtre/ytre Nordfjord). De henviste meg så til Nettbuss, som viste seg å være feil busselskap. På lokalbussene her står det Kringom og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Jeg prøvde å kontakte Kringom sentralbord i 13-tiden i dag, men fikk beskjed om at det var utenfor åpningstid. Jeg er dermed svært usikker på hvem man kan henvende seg til med dette spørsmålet.

Håper dere kan hjelpe, slik at vi kan gi så korrekt informasjon som mulig til turistene 😊

Med vennlig hilsen

**Tiffany Huston**

Turistinformasjonen Vågsøy

Gate 1 120, Postboks 294

6701 Måløy

[tiffany.huston@vagsoy.kommune.no](mailto:tiffany.huston@vagsoy.kommune.no)

Tlf: +47 57 84 50 77



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
16/470-11		Olve Fossedal	99102850	K2 - N01	29.06.2018

## Rutetilbodet 2019 - forslag til endringer i rutetilbodet saknr. 18/119

Årdal er inne i ei stor satsing på reiselivet. Denne satsinga er forankra i Strategisk Næringsplan og i eit godt og forpliktande samarbeid med reiselivet i kommunen og med Visit Sognefjord. Kommunen er og inne i ein prosess for å få status som Nasjonalparkkommune, då vi er ein viktig innfallspport til Jotunheimen gjennom Utladalen landskapsvernområde.

I næringsarbeidet vårt har no satsinga på Utladalen og auke i besøkstala til området eit sterkt fokus. Kommunen er no inne i vurderingar om å auke kapasiteten på parkeringsarealet på Hjelle, etablering av offentlege toalett, støtte til Utladalen naturhus for vidare utbygging av besøkssenteret i Skåri og ikkje minst storstila planar om etablering av eit nytt utkikspunkt på Vettismorki for alle som vil oppleve Vettisfossen.

Kommunen har gjennom målretta informasjonsarbeid gjennom Årdal Utvikling, fått fleire store arrangement til Utladalen som ulike TV produksjonar, profileringsarbeid gjennom aviser og tidsskrift og satsing på Utladalen som ei av hovudsatsingane til Visit Sognefjord.

Ei viktig rute gjennom Jotunheimen er Skogadalsbøen til Vetti gard. Denne ruta samlar og opp trafikk frå Sognefjellshytta. Trafikken aukar for kvart år, og vil bli satsa sterkt på i åra som kjem.

Ei viktig bussrute for oss, er difor buss frå Hjelle i Utladalen til Turtagrø på Sognefjellet. Ruta er i dag finansiert privat, men vi meiner denne ruta høyrer inn under det rutetilbodet fylkeskommunen må ta ansvaret for. Ruta matar trafikk inn på resten av det regionale bussnettet og ikkje minst vidare med ekspressbussane frå og til Sogn. Ruta er også naudsynt for å gi besøkande til Jotunheimen i stand til å kome seg frå Hjelle i Utladalen til Turtagrø/Sognefjellshytta på Sognefjellet. Desse to stadene er utgangspunkt for mange som nyttar Jotunheimen til vandring.

Vi ber difor om at fylkeskommunen tek over denne privatfinansierte bussruta frå 2019.

Med helsing  
Olve Fossedal  
Rådmann

Vedlegg: Kostnader og statistikk

24 vedlegg

Vedlegg til søknad.

Vandrebussen korresponderer med:

Avgang fra Ø.Å.kl. 08.40 til Hjelle har korspedanse fra Lærdal/ Årdalstangen

08:55 Hjelle – Ø.Å. har korspedanse til Oslo

09:20 Ø.Å. – Turtagrø har korspedanse til til/fra Lom og Sogndal på Turtagrø

10:20 fra Turtagrø går til Hjelle via skystasjon.

Fra Hjelle kl. 11:25 til Ø.Å. har korspedanse til Åtg- Bergen – Lillehammer

16:00 fra Ø.Å. TIL Hjelle har korspedanse fra Oslo – Bergen – Sogndal

16:15 fra Hjelle til Ø.Å. har korspedanse til Oslo – Bergen og Sogndal.

Når det gjeld billettpriser, så har ein høgare takkster på breebussen i Fjærland, sjølv om det er ei fylkeskommunal rute.

Ruta går kvar dag frå 2.juli - 5.aug og Fre/Lør/Søn frå 10.aug - 9. sept

Øvre Årdal Skystasjon	08:40
Hjelle (Årdal)	08:55
Øvre Årdal Skystasjon	09:10
Øvre Årdal Skystasjon	09:20
Turtagrø	10:10
Turtagrø	10:20
Øvre Årdal Skystasjon	11:10
Hjelle (Årdal)	11:20
Øvre Årdal Skystasjon	11:35
Øvre Årdal Skystasjon	16:03
Hjelle (Årdal)	16:18
Øvre Årdal Skystasjon	16:33

**Billettprisar:**

Øvre Årdal – Hjelle 50

Hjelle Turtagrø 300

Øvre Årdal – Turtagrø 275

Når det gjeld billettprisar, så har ein høgare takstar på breebussen i Fjærland, sjølv om det er ei fylkeskommunal rute.

Ruta har vore finansiert gjennom billettinntekter og tilskot frå reiselivsaktørar, i tillegg til 3 år med infrastrukturmidlar der siste året var 2016. Statistikken viser 381 reisande i juli/august 2017.



**Gaular kommune**  
Ordføreren

~~MRA~~  
25

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Saksnr.	Arkivkode	Journalnr.	Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
17/1644	FA - N11	18/6420		MRA	29.06.2018

### **Rutetilbod 2019 - innspel.**

Viser til dykkar brev av 03.05.2018 om invitasjon til å komme med innspel i rutetilbodet.

På bakgrunn av innspel, både muntlig og skriftlig, har formannskapet diskutert saka og ga ordføreren fullmakt til å sende merknader.

For Viksdalen sin del går det på å få attende bussruta til Førde på tirsdager. Denne ruta gjekk inntil for få år sidan.

For Sande og Bygstad sin del ber ein om at det vert sett opp sein kveldsrute frå Førde til desse stadane - særlig er dette behovet etterspurt på fredag, laurdag og sundag, men også resten av veka.

Bygstad har for øvrig svært få bussar til og frå Førde og er den tettstaden i den nye Sunnfjord kommune med minst kollektiv tilbod.

Vonar at desse innspela vert teke omsyn til når nye ruter skal planleggast. Det er viktig å få gjort positive endringar før ein går inn i Vestland fylke.

Med helsing

Råheim Mathias

*Dokumentet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.*

Postadresse                      Telefon: 57718500  
Vadheimsvegen 15  
6973 SANDE I SUNNFJORD    E-post: postmottak@gaular.kommune.no

Bankgiro: 37600700279  
Org.nr: 963 923 988



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/18	Kommunestyret	21.06.2018
054/18	Formannskapet	21.06.2018

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
15/634 - 18/3905	K2 - N10, K2 - N30, K3 - &13	Inge Håvard Aarskog	05.06.2018

### Rutetilbudet 2019 - Forslag til endringar i rutetilbudet i Sogn og Fjordane

#### Tilråding frå rådmann:

Det må vere pendlarmogelegheiter i høve til skule og jobb både til Voss/Bergen og Lærdal/Sogndal. Dette vil og gje viktig korrespondanse med sjukehusbuss både til Haukeland og Førde. Reelle pendlaralternativ er viktig med omsyn til både folkehelse og miljø.

- Vidareføre mest mogleg direkte skulerute frå Aurland til Sogndal.
- Returnmoglegheit frå Lærdal til Aurland på ettermiddagen.
- Morgonruta kl 07 til Bergen må kome på plass igjen. I samband med regionreform og samanslåing av fylka bør det kunne forventast at det allereie 2019 blir gjenoppretta kollektiv rute mellom Sogn og Bergen.
- Det må sikrast korresponderande busstilbod frå Aurland som stemmer inn med avganger frå Lærdal til Sogndal. Dette gjeld særskilt om morgonen med høve til retur til Aurland om kvelden.

Fylkeskommunen sine ruter for båtar og bussar må plikte å vektlegge turisttrafikk saman med lokaltrafikk, slik at ein sikrar volumet for tilreisande, og ikkje berre fastbuande. Når fylkeskommunen vurderar innspel, bør fylkeskommunen plikte å vektlegge turisttrafikk som ein del av det statistiske grunnlaget.

Kollektivtilbudet på strekninga mellom Aurlandsvengen og Flåm er lite tilfredsstillande for innbyggjarar og tilreisande. Med dette må det etablerast eit tilfredsstillande kollektivtilbod mellom desse to områda.

Sentraliseringa av offentlege oppgåver gjer at stadig fleire innbyggjarar i Aurland må reise lengre for å få tilgang til ulike sørvistilbod. For at slike tilbod skal vere tilgjengelege for alle innbyggjargrupper må det vere tilfredsstillande kollektivtilbod.



## Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer brukarar av kollektivtilbodet til å kome med innspel til forbetringar av tilbodet. Rutetilbodet endrar seg heile tida. Det kan vera justering opp mot ferjetider og korresponderande ruter eller justeringar i forhold til økonomiske rammer og satsingar. Formålet med å invitere til innspel er at fylkeskommunen ynskjer å ha eit best mogleg bilete av kva som er etterspurt og kva det er behov for.

Når fylkeskommunen får inn eit innspel vurderer dei fleire forhold:

- Kostnad
- Statistikk
- Konsekvens - Kva brukargrupper får eit betre tilbod og eventuelt kva grupper får eit dårlegare tilbod
- Tiltråding frå kommunen
- Korleis innspelet høver saman med eit heilskapleg rutesystem og opp mot vedtekne planar og strategiar for rutesystemet.

Brukarar av rutetilbodet må sende innspel til sin bustadkommune innan 1. juni 2018. Aurland kommune har informert om ordninga og høve til å gje innspel på kommunen si heimeside og facebook. Pr. 05.06 har ikkje kommunen registrert innspel frå brukarar. Kommunane må sende sine innspel og tilrådingar til fylkeskommunen innan 30. juni 2018.

## Vurdering

Kollektivtilbodet har stor verknad for mange innbyggjarar og gjester i Aurland kommune. Det er mange ruter som fungerer bra, men det er og ein del forhold som kan betrast.

Det må bli betre korrespondanse med skulebuss og sjukehusbuss, der det blir høve for innbyggjarar å kunne nytte dette tilbodet. Samstundes må det sikrast returmoglegheit frå Lærdal til Aurland på ettermiddagen.

Morgonruta kl 07 til Bergen må kome på plass igjen. I samband med regionreform og samanslåing av fylka bør det kunne forventast at det allereie 2019 blir gjenoppretta kollektivrute mellom Sogn og Bergen

Tidlegavgang båt retning Sogndal må sikrast, og generellt må det gjennomførast ei betre koordinering av buss mot båt.

Meld. St. 19 (2016–2017). Opplev Norge – unikt og eventyrlig. 5.1.4 Samferdsel. Lokal kollektivtransport: «Det er i rollen som regional utviklingsaktør at fylkeskommunene ivaretar reiselivsnæringens interesser knyttet til kollektivtransporttilbudet. Det er viktig at fylkeskommunene planlegger trafikktilbudet både for fastboende og tilreisende når de dimensjonerer trafikktilbudet og utlyser anbud.» NHO Reiselivs innspill til Stortingsmeldingen om reiseliv 2017. Sendt 15. juni 2015 v/Kristin Krohn Devold, NHO Reiseliv. 7. Effektiv transport med fly, buss, ferge og tog er en offentlig primær oppgave: «Konsesjonene må også tilpasses volumer for feriereisende, ikke bare fastboende. Destinasjoner med svært få fastboende og mange sesongturister får ikke tilpasset tilbudet til det reelle behovet for buss/fergeruter, da kriteriet for tildeling er antall fastboende.»

Fylkeskommunen sine ruter for båtar og bussar må plikte å vektlegge turisttrafikk saman med lokaltrafikk, slik at ein sikrar volumet for tilreisande, og ikkje berre fastbuande. Dette er eit svært viktig grep for å komme i møte dei forventningane som regjeringa i stortingsmeldinga og NHO Reiseliv har til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Aurland kommune har i sine planar peika ut heilårs reiseliv som eit viktig satsingsområde, og for næringslivet og innbyggjarar i Aurland kommune og regionen vil vektlegging av turisttrafikk i samband med planlegging av rutetilbodet ha positiv verknad. Når fylkeskommunen vurderar innspela, bør fylkeskommunen plikte å vektlegge turisttrafikk som ein del av det statistiske grunnlaget. Fleire verksemder har i møte med kommunen dei siste åra uttrykt at det sær på strekninga mellom Aurlandsvangen og Flåm er lite tilfredsstillande kollektivdekning. Slik sett er erfaringa at kollektivtilbodet mellom desse to områda er for svakt og at det er på høg tid at fylkeskommunen kjem dette i møte med eit tilfredsstillande tilbod.

Sentraliseringa av offentlege oppgåver gjer at stadig fleire innbyggjarar i Aurland må reise lengre for å få tilgang til ulike sørvistilbod. For at slike tilbod skal vere tilgjengelege for alle innbyggjargrupper må det vere tilfredsstillande kollektivtilbod.

#### **21.06.2018 Formannskapet**

Tilleggsforslag:

#### **Tilleggsframlegg frå Noralv Distad:**

Tillegg til første kulepunkt: jf KS - vedtak 040/18.

#### **Røystring**

Tilråding med tilleggsframlegg frå Noralv Distad: samrøystes

#### **FS-054/18 Vedtak:**

Det må vere pendlarmogelegheiter i høve til skule og jobb både til Voss/Bergen og Lærdal/Sogndal. Dette vil og gje viktig korrespondanse med sjukehusbuss både til Haukeland og Førde. Reelle pendlaralternativ er viktig med omsyn til både folkehelse og miljø.

•Vidareføre mest mogleg direkte skulerute frå Aurland til Sogndal jf. KS-vedtak 040/18

•Returmoglegheit frå Lærdal til Aurland på ettermiddagen.

•Morgonruta kl 07 til Bergen må kome på plass igjen. I samband med regionreform og samanslåing av fylka bør det kunne forventast at det allereie 2019 blir gjenoppretta kollektiv rute mellom Sogn og Bergen.

•Det må sikrast korresponderande busstilbod frå Aurland som stemmer inn med avganger frå Lærdal til Sogndal. Dette gjeld sær om morgonen med høve til retur til Aurland om kvelden.

Fylkeskommunen sine ruter for båtar og bussar må plikte å vektlegge turisttrafikk saman med lokaltrafikk, slik at ein sikrar volumet for tilreisande, og ikkje berre fastbuande. Når fylkeskommunen vurderar innspela, bør fylkeskommunen plikte å vektlegge turisttrafikk som ein del av det statistiske grunnlaget.

Kollektivtilbodet på strekninga mellom Aurlandsvangen og Flåm er lite tilfredsstillande for innbyggjarar og tilreisande. Med dette må det etablerast eit tilfredsstillande kollektivtilbod mellom desse to områda.

Sentraliseringa av offentlege oppgåver gjer at stadig fleire innbyggjarar i Aurland må

reise lengre for å få tilgang til ulike sørvistilbud. For at slike tilbud skal vere tilgjengelege for alle innbyggjargrupper må det vere tilfredstillande kollektivtilbud.  
Samrøystes

## **21.06.2018 Kommunestyret**

### **Røysting**

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

#### **KS-055/18 Vedtak:**

Det må vere pendlarmogelegheiter i høve til skule og jobb både til Voss/Bergen og Lærdal/Sogndal. Dette vil og gje viktig korrespondanse med sjukehusbuss både til Haukeland og Førde. Reelle pendlaralternativ er viktig med omsyn til både folkehelse og miljø.

- Vidareføre mest mogeleg direkte skulerute frå Aurland til Sogndal jf. KS-vedtak 040/18
- Returmoglegheit frå Lærdal til Aurland på ettermiddagen.
- Morgonruta kl 07 til Bergen må kome på plass igjen. I samband med regionreform og samanslåing av fylka bør det kunne forventast at det allereie 2019 blir gjenoppretta kollektiv rute mellom Sogn og Bergen.
- Det må sikrast korresponderande busstilbud frå Aurland som stemmer inn med avganger frå Lærdal til Sogndal. Dette gjeld særst om morgonen med høve til retur til Aurland om kvelden.

Fylkeskommunen sine ruter for båtar og bussar må plikte å vektlegge turisttrafikk saman med lokaltrafikk, slik at ein sikrar volumet for tilreisande, og ikkje berre fastbuande. Når fylkeskommunen vurderar innspela, bør fylkeskommunen plikte å vektlegge turisttrafikk som ein del av det statistiske grunnlaget.

Kollektivtilbodet på strekninga mellom Aurlandsvangen og Flåm er lite tilfredsstillande for innbyggjarar og tilreisande. Med dette må det etablerast eit tilfredsstillande kollektivtilbud mellom desse to områda.

Sentraliseringa av offentlege oppgåver gjer at stadig fleire innbyggjarar i Aurland må reise lengre for å få tilgang til ulike sørvistilbud. For at slike tilbud skal vere tilgjengelege for alle innbyggjargrupper må det vere tilfredstillande kollektivtilbud.  
Samrøystes

#### **Vedlegg:**

Rutetilbodet 2019 - Invitasjon til å komme med endringar i rutetilbodet i Sogn og Fjordane



# AURLAND KOMMUNE

Rådmannen

Aurland, 28.06.2018

Sogn og Fjordane fylkeskommune - samferdsleavdelinga  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
2015000634-8

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Inge Håvard Aarskog,

Arkiv  
K2 - N10, K2 - N30, K3 -  
&13

## Rutetilbudet 2019 - Invitasjon til å komme med endringar i rutetilbudet i Sogn og Fjordane

Sak nr: 18/119

### Formannskapet - 054/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Det må vere pendlarmogelegheiter i høve til skule og jobb både til Voss/Bergen og Lærdal/Sogndal. Dette vil og gje viktig korrespondanse med sjukehusbuss både til Haukeland og Førde. Reelle pendlaralternativ er viktig med omsyn til både folkehelse og miljø.

- Vidareføre mest mogeleg direkte skulerute frå Aurland til Sogndal jf. KS-vedtak 040/18
- Returnmoglegheit frå Lærdal til Aurland på ettermiddagen.
- Morgonruta kl 07 til Bergen må kome på plass igjen. I samband med regionreform og samanslåing av fylka bør det kunne forventast at det allereie 2019 blir gjenoppretta kollektiv rute mellom Sogn og Bergen.
- Det må sikrast korresponderande busstilbod frå Aurland som stemmer inn med avganger frå Lærdal til Sogndal. Dette gjeld særst om morgonen med høve til retur til Aurland om kvelden.

Fylkeskommunen sine ruter for båtar og bussar må plikte å vektlegge turisttrafikk saman med lokaltrafikk, slik at ein sikrar volumet for tilreisande, og ikkje berre fastbuande. Når fylkeskommunen vurderar innspela, bør fylkeskommunen plikte å vektlegge turisttrafikk som ein del av det statistiske grunnlaget.

Kollektivtilbudet på strekninga mellom Aurlandsvengen og Flåm er lite tilfredsstillande for innbyggjarar og tilreisande. Med dette må det etablerast eit tilfredsstillande kollektivtilbod mellom desse to områda.

Sentraliseringa av offentlege oppgåver gjer at stadig fleire innbyggjarar i Aurland må reise lengre for å få tilgang til ulike sørvistilbod. For at slike tilbod skal vere tilgjengelege for alle innbyggjargrupper må det vere tilfredsstillande kollektivtilbod. Samrøystes

Med helsing

Inge Håvard Aarskog  
næringssjef

**Vedlegg:**

Rutetilbudet 2019 - Forslag til endringer i rutetilbudet i Sogn og Fjordane



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.:  
18/4 - 2 / LILA1

Dykkar ref.:

Dato:  
28.06.2018

**Ruteplanprosessen - Fellesnemnda for samanslåinga av Vågsøy og Flora til Kinn kommune har følgjande innspel til forbetringar av tilbodet**

Fellesnemnda for Nye Kinn kommune har i sak 039/18, i møte 12.06.2018 fatta følgjande vedtak:


1. Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune.

2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen undersøke om materiellet som vert nytta på ekspressruta Bergen-Selje no stettar anbodskrava.

Helsing

Linda Alice Myhre Larsen  
arkivar ACOS

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*



## Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv: FA - N01  
JournalpostID: 18/11  
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen  
Dato: 07.06.2018

### Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

### Fellesnemnda for samanslåinga av Vågsøy og Flora til Kinn kommune har følgjande innspel til forbetringar av tilbodet

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune.

#### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

#### Handsaming:

Ei samla Fellesnemnd fremma følgjande tilleggspunkt 2 som framlegg til vedtak:

"Fellesnemnda ber prosjektrådmannen undersøke om materiellet som vert nytta på ekspressruta Bergen-Selje no stettar anbodskrava".

#### Votering:

Det vart votert samla over pkt. 1 i rådmannen si innstilling og tilleggspunkt. nr. 2 frå ei samla Fellesnemnd.

Samrøystes vedtatt.

#### KIFN- 039/18 Vedtak:

1. Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten.



Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune.

2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen undersøke om materiellet som vert nytta på ekspressruta Bergen-Selje no stettar anbodskrava.

**Bakgrunn for saka:**

Fylkeskommunen har opna for at kommunar kan kome med innspel til ruteplanprosessen innan 30 juni 2018. Rutekjøpsaka kjem opp i hovudutval for samferdsle i møte i oktober 2018 og endringar innførast frå juni 2019.

**Saksopplysningar:**

Dagens ruter mellom Oldeide og Måløy går på ulike tidspunkt og er til dels vanskeleg å kommunisere og forstå. Fyrste ferje frå Måløy går kl. 0545 og siste går kl. 2140. Tilsaman er det på kvardagar 13 avgangar. Ruta har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane.

**Vuderingar:**

Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune.

Sjølv om det kan vere utfrodringar med å få til ei slik omlegging bør det vere mogleg å få til dersom det er vilje til å følge opp lokale ynskje som er i samsvar med fylkeskommunen eigen overordna planar.

**Økonomiske konsekvensar:**

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vår ref.  
16/1712-20/ GBS  
18/7050

Dykkar ref.

Arkiv  
K2 - N02Dato:  
03.07.2018**Innspel til rutetilbodet 2019 frå Fjaler kommune**

Fjaler kommune har følgjande innspel til det fylkeskommunale rutetilbodet for 2019:

- Som eit minimum ber vi om at rutene Folkestad-Førde-Folkestad om morgon og ettermiddag vert gjennomoppretta slik at tilbodet også eksisterer når det er skulefri.
- Fjaler kommune forventar at ferjesambandet til Fure i Ytre Fjaler vert oppretthalde av omsyn til arbeidspending og privat og offentleg tenestetilbod. Det er også grunnlag for å utvide tilbodet ved at ferja Værlandet-Askvoll slik at den går innom Fure ved bestilling. På den måten vil folk frå Ytre Fjaler kunne nytte ekspressbåtstoggen i Askvoll og unngå svært lang ventetid.
- Vi ber fylkeskommunen vurdere tingingsstopp for ekspressbåten i ytre Fjaler/Lutelandet.
- Fjaler kommune viser til at hafs-kommunane syter for stor del av passasjertrafikken frå Førde lufthamn, men det eksisterer ikkje ein kollektivtilbod til flyplassen frå vårt område. Vi ber fylkeskommunen vurdere løysingar for eit kollektivt skysstilbod til flyavgangane
- Fjaler kommune ynskjer og å signalisere motstand mot vinterstenging av vegen frå Guddal Vadheim

Fjaler kommune er klar over dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen har styrt etter. No meiner vi at det grunn til å forvente at rutetilbodet ikkje vert ytterlegare forverra, men heller vert styrka.

Fjaler kommune meiner at rutetilbodet internt i kommunen og mellom kommunen og omkringliggende kommunar no er på eit absolutt minimum. Fjaler kommune peiker på dei store negative konsekvensane kutt i rutetilbodet har for eldre og unge som bur i utkantane i Fjaler. Skuleskyssbussane må dimensjoneras slik at dei har plass til lokaltrafikk utover skuleelevene og sørviskyssordninga må styrkast.

Vi vil nok også i år understreke viktigheita av Fure ferjekai. Vi viser til at sambandet gav grunnlag for avgjerda om å lokalisere tannlegekontoret til Askvoll. Sjølv om Dalsfjordsambandet har gitt fastlandssamband i regionen er dette likevel ein lang omveg for både pendlarar og næringsliv. Frå ferjekaia på Fure til Askvoll tek det ca ein time med normal køyring for personbilar på normalt føre. For tungtransporten vil køyre tida bli betydeleg lenger med den vegstandarden som er frå Fure til Dale.

Næringslivet i ytre Fjaler har ei stor mengde oppdrag i Askvoll og øyane, og i tillegg er det all grunn til å vente auka trafikk motsett veg i samband med aktivitet på Lutelandet.

Lutelandet er i startgropa til å kunne verte ein betydeleg arbeidsplass og skape stor aktivitet på kysten. Nedlegging av Fure ferjekai vil i røynda vere med på å motarbeide den innsatsen som både offentlege og private har lagt ned for å få oss i den posisjonen vi er i dag.

Vi ber difor om at fylkeskommunen ser på muligheitene for ekspressbåtstopp på Grytøyra. Veolia og Lutelandet Offshore si etablering på Lutelandet har ført til behov for pakkeleveransar til og frå Florø, og det er viktig at fylkeskommunen tek med seg dette i det vidare arbeidet med samferdsletilbodet framover. Ein ser ikkje føre seg fast stopp for persontrafikk, men moglegheit for stopp ved behov for pakkeleveransar

Med helsing

Gunhild Berge Stang  
ordførar

Direkte tlf: 97653785

*Brevet er godkjent elektronisk om det ikkje er signert.*

## **Forslag til endringer i rutetilbudet for 2019, etter styremøter i Batalden Grendalag og Berekstad-Hovdevåg Grendalag.**

Det har i mange år vært en skjevfordeling av rutetilbudet i Florabassenget der nordre distrikt kommer uheldig ut i forhold til vestre og søre distrikt. Et overordnet prinsipp i ruteoppsettet må være å gi alle innbyggerne et likeverdig rutetilbud, der både ulemper og fordeler fordeles likt mellom ruteområdene.

Vi vil belyse følgende skjevheter som må rettes opp i rutetilbudet for 2019:

### **Færre bilførende ruteavganger**

Søre og vestre distrikt har bilførende båter på alle sine avganger, mens nordre distrikt har ikke bilførende båt på arbeidsruten morgen og kveld på alle ukedager. Dette er en uforståelig og veldig ulogisk fordeling av båtmateriellet ut fra det faktum at vi har 3 ferjekaier på vår rute, mens vestre distrikt har 1 ferjekai. Dette tilsier at behovet for bilførende båt er størst i nordre distrikt. Nordre distrikt er påkostet med 3 ferjekaier, men får ikke benytte dette godet slik det var meningen.

Spesielt i sommermånedene er kapasiteten for transport av biler og gods altfor lav. Da kan gods, ofte til store verdier, som skal til nordre distrikt bli liggende ubevoktet på kaien i Florø i mange dager fordi det ikke er plass ombord. Etter det vi blir fortalt, skyldes dette at biltransport skal prioriteres fremfor gods på skoleruten og kveldsruten (noe som er nokså underlig når en tenker på hvor mye vi betaler i frakt på gods). Godsrueten, som går en gang i uken, har ofte ikke kapasitet til å ta med alt godset, siden det er flere bosskontainere på dekket. Dette går utover de som driver næringsvirksomhet i vårt distrikt.

Også for de i turistnæringen er det beklagelig at gjestene ikke får ta med seg bilen helt frem. Spesielt ettersom en ukes parkering i Florø koster rundt kr 900, da er det adskillig rimeligere (og enklere) å ta med bilen på båten.

### **Det eldste og dårligste båtmateriellet**

Nordre distrikt trafikkeres av Sea Service og Dagning på arbeidsruten og Sylvarnes på skoleruten. Dette er de 3 eldste båtene som trafikkerer Florabassenget. Spesielt de 2 første er trange, har høyt støynivå, dårlig luftkvalitet og er altså ikke bilførende.

I tillegg kommer ulempen ved at Sea Service brukes til ambulanseoppdrag, noe som kan medføre venting, eller at vi får en ekstra lang hjemreise via vestre distrikt på Øyservice. Det kan også skape usikkerhet for reisende som skal videre med buss, eller har en viktig avtale om morgenen, at båten kanskje er i ambulanseoppdrag og blir forsinket. Noen velger i slike tilfeller å reise til Florø kvelden før og overnatter på hotell. Dette er en stressfaktor som reisende i de andre distriktene slipper å forholde seg til.

### **Forsinket avgang og ankomst i Florø**

Sylvarnes, som trafikkerer skoleruten i nordre distrikt, disponerer ikke ferjekai på havnen i Florø slik de andre båtene gjør. Den ligger ytterst på kaien og venter til de andre båtene har reist før den legger seg til en ferjelem for å ta om bord biler eller gods. Dette medfører minst 10 minutters forsinkelse fra Florø hver dag.

Når båten returnerer til Florø blir den liggende ute i havnebassenget i 10 minutter og vente til alle de andre båtene har forlatt havnen før den får lagt seg til en ferjekai. På grunn av dette er denne ruten i nord er den lengste i hele Florabassenget.

### **Mest ugunstige påskeruter**

I alle høytider er det minimalt med båtruter til øyane. Dette er ulogisk ut fra det faktum at folketallet sannsynligvis er mer enn fordoblet i forhold til normalt.

2.påskedag er den dagen med størst utfart i Norge. Nordre distrikt har den seneste ruten på denne dagen. Båten ankommer Florø kl. 16.45, dette er så sent at det er vanskelig å reise videre til f.eks. Oslo med bil. Slik ruten er i dag, må en reise hjem allerede påskeaften dersom reisen ikke avsluttes i Florø.

For de som driver turistnæring er det helt håpløst å få leid ut i langhelger og høytider med det dårlige rutetilbudet som er i dag.

### **Vi har diskutert saken på styremøter og har følgende forslag til endringer i dagens rutestruktur, de 2 første punktene er viktigst:**

- **Fordele bilførende båt likt mellom nordre og vestre distrikt.** Vi har ikke behov for å bytte ut Sea Service med en bilførende båt på arbeidsruten om morgenen. Inntil det kommer bilførende materiell på plass i alle distrikter, foreslår vi at Øyservice går annenhver dag i vestre og nordre distrikt ved avgangen kl.16.00. Siden behovet for bilplass er størst i nordre distrikt (3 anløp med ferjekai), vil det være fornuftig å sette inn bilførende båt på arbeidsruten i nord f.eks. på tirsdag og fredag. Det vil avhjelpe presset med biltransport på kveldsruten i slutten av uken.
- **Alternativt, eller i tillegg, sette opp ekstra kjøring av bilførende båt etter avsluttet ordinær rutekjøring i annen sone for å frakte gods og biler ved behov i nordre og vestre distrikt.**
- **Vi foreslår at de reisende fra Villevika får ta med biler etter en "dropin"-funksjon, der de kan ringe til båten dagen før og få med bil hvis det er plass.** De reisende fra Villevika har fastlandsforbindelse med bilvei. Det alternativet har ikke de reisende fra Fanøy og Berekstad, derfor må de prioriteres når det gjelder biltransport. Dette forslaget er en konsekvens av at kapasiteten for biltransport dessverre er altfor lav i vårt distrikt.

- ✓
- **Vi ønsker SMS-bekreftelse på bilplass på båtene og SMS-varsling ved forsinkelser og endring av fartøy.** Dette siste er veldig aktuelt ved arbeidsruten i nordre distrikt, der Sea Service og Daging brukes helt vilkårlig om hverandre. Her savner vi også skilting på kaien i Florø med opplysning om hvilken båt som skal gå.

- ✓
- **Sylvarnes får disponere en ferjelem i Florø ved avgangen fra Florø til nordre distrikt kl. 14.30.** Sylvarnes betjener 3 ferjekai, har mye gods og biler og må disponere en ferjekai ved denne avgangen.

- U
- **Vi ønsker daglige formiddagsruter.** De er mye brukt av eldre og andre med kortvarige gjøremål i Florø, f.eks legebekesøk eller fysioterapibehandling. Det vil også hjelpe på situasjonen med transport av gods og biler. **En prøveordning kan være å utvide perioden for turistrutene fra 1.april til 1.oktober.**

- W
- **Vi ønsker rutekjøring på alle røde dager, 1.juledag, langfredag, 1.påskedag, 1.pinsedag og Kristi Himmelfartsdag.** Dersom en velger å opprettholde dagens ruter, må det som et minimum settes opp en tidligere båt i nordre distrikt 1.påske-og pinsedag. **På påskeaften bør det gå vanlige lørdagsruter.**

- V
- **Fremskynde dobbel søndagsrute i vestre/nordre distrikt til 1.mai.** Dette er en sommerrute der båten går en slynge i vest kl.14.30 fra Florø og returnerer til Florø før den går i nordre distrikt kl.15.30. I mai og juni går båten etter dette mønsteret mange søndager pga. mange passasjerer og biler i Rognaldsvåg. Passasjerene i nordre distrikt blir stående på kaien og vente på båten uten nærmere beskjed i minst en halv time. I Florø er ventetiden 1 time i forhold til oppsatt rute. I rutene er tidspunktet endret for 2.påskedag, men endringen bør gjøres for alle søndagene fra 1.mai for at avgangene skal være oversiktlig og forutsigbar for de reisende.

- V
- **Båtrute som korresponderer med ekspressbåten fra Bergen om lørdagen.** Dette vil også gi oss mulighet til å være med på flere kulturelle tilbud i Florø, som fotballkamper, aktiviteter i sentrum i helger, kinoer med mer. Det er også viktig for de som jobber helg i Florø, enten ved turnusarbeid i omsorgsykker eller ved arbeid i varehandelen.

- V
- **Endre tidspunkt for avgang av skoleruten fra Fanøy.** I ruten har båten avgang 07.20 fra Fanøy, men i praksis går båten tidligst fra kai 07.25,. Vi foreslår at dette skal være det oppsatte rutetidspunktet for avgangen fra Fanøy.

- **Endre retning på turistruten.** Vi ønsker å forbedre kommunikasjonen og korrespondansen mellom øyene. De dagene kveldsruten går først i nord, må turistruten gå først i vest og omvendt, slik at fastboende og ferierende kan komme seg frem og tilbake mellom øyene.

-Florø

Florø

Florø?

Flora

V

- **Bybussen må korrespondere med båtrotene om morgenen kl. 08.15 og om ettermiddagen kl. 16.00.**

Vi vil takke for invitasjonen, det er gledelig av at fylkeskommunen inviterer brukerne av kollektivtilbudet til å komme med innspill til forbedringer i rutetilbudet.

28.05.18.

Ragnhild Jenssen, leder Batalden Grendalag

Rune Otto Nilsen, leder Berekstad-Hovdevåg Grendalag





Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
18/1098-8/K2 - N02, K2 - N34, K3 -  
&84/EAAR

Dykkar ref.

Dato:  
26.06.2018

## Innspel til ruteperioden 2019 frå Flora kommune

Flora kommune viser til invitasjon frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til å komme med innspel til forbetring av rutetilbod for ruteperioden som startar i 2019. Hausten 2017 oversendte Flora kommune sitt innspel til RTP, som bl.a. inneheldt innspel til buss og båtrute, og denne oversendes på ny. Det er vidare motteke innspel frå grendalag og andre som nyttar kollektiv transport i kommunen. Alle innspel vedlagt samt kort forklart oppsummert nedanfor:

### 1. Innspel til bussrutene mellom Førde og Florø i sommarsperioden og helgar ellers heile året.

Om sommaren (frå skuleslutt til skulane startar i august) er det fleire bussruter som ikkje går mellom Florø og Førde. Det er fleire som etterlyser desse bussrutene ettersom dei korresponderar vidare med andre bussruter i Førde.

Dei bussrutene som ikkje går om sommaren frå Florø er kl. 06:00, kl. 06.25, og kl.07:00. Den første bussen går kl. 08:00.

Dersom ein skal kunne nå korresponderande bussar vidare frå Førde om morgonen må ein vere i Førde seinast kl. 08:45. Dette gjeld korrespondanse bl.a. med Fjordekspressen som går vidare frå Førde til Bergen. Dette rekk ein dersom bussruta går frå Florø kl. 07:00 også om sommaren. Dette gjeld både yrkesdagar og helg.

### 2. Innspel frå Kim Gunnar Jensen til bybussrute i Florø

Bybussrute 14-647 med avgang Florø Rutebilstasjon 08:30 bør endrast til avgang 08:35 fra Florø Kai, slik at reisende fra Selje, Måløy og Bremanger som skal vidare med fly til Oslo fra Florø Lufthavn (avgang 09:25) kan nytte bybussen.

### 3. Innspel frå Botnane og Årebrot grendalag

Innspelet gjeld sommarrute/ buss mellom Villevika og Svelgen.

På Kringom er det for året 2018 oppretta ei tingingsrute som går kvar torsdag i skuleferien (25.6. - 17.8.), men denne ruta går kun frå Botnane til Svelgen og retur. Grendalaget gjev med dette innspel om denne tingingsruta må gå vegstrekinga frå Villevika, via Botnane til Svelgen og retur.



#### 4. Innspel frå grendautvalet i Rognaldsvåg/ Rekstad og Kinn.

Argumentasjon for innspelet til punkta nedanfor er ikkje gjengitt, men er å finne i vedlegget til grendautvalet.

- ✓ • Vi ynskjer at føremiddagsruta vert å køyre dagleg.
- ✓ • Vi ynskjer minst «søndagsfrekvens» og rutekøyring på «raude dagar» som første juledag, langfredag, osb.
- ✓ • Vi ynskjer digitaliserte ordresystem som stadfester bilplass, og som og registrerer biler som ikkje får plass. Dette for å kunne dimensjonere rett kapasitet over tid. Vi vil ha stadfesta plass verifisert gjennom bruk av SMS.
- ✓ • Vi ynskjer etablert ny ordning som gjev korrespondanse til morgonflyet til Oslo. Her kan vurdere bruk av taxibåtar som samlar opp reisande frå fleire rutedistrikt om naudsynt.
- ✓ • Vi ynskjer etablert ei prøveordning med korrespondanse frå Florø kai til sektor vest i samband med anløp av Bergensbåten på laurdagar.
- ✓ • Bygdene i Florabassenget har ofte fylkesveg. Det må være mogeleg å flytte køyretøy som normalt køyrer på slike vegar rundt i Florabassenget. Ein føreset at minst eit fartøy er disponibelt til å frakte køyretøy over 10 meter lengde, og med ei samla vekt på minst 35 tonn. Døme her er Nortura sin dyretransport eller ein betongbil.
- ✓ • Det må etablerast ei løysing der ein kan få tungt anleggsutstyr transportert i florabassenget til ein pris samanliknbar med ei kryssing av fjordstykke der ein nyttar ferjer.
- ✓ • Det må etablerast ei løysing der ein kan nytte ferjekort på alle registrerte køyretøy med skilt der t.d. ein traktor betalar tilsvarande ein bil slik ein gjer på ordinære ferjer.
- ✓ • Rutekøyrande båtar i dag har avgrensa bilkapasitet. Ein må derfor ha høve til å utvise skjønn ved frakting av bilhengar. Er det ikkje nødvendig å ta med trekkvogna bør det etter samråd mellom mannskap og passasjer være mulig å sende henger utan trekkvogn, men til same pris som bil.
- Flora kommune må starte arbeidet, og være ein pådrivar overfor fylket med å gje bygdene i Florabassenget tilgang til vårt felles bysentrum der fellesarrangement og kulturtilbod no er gjennom ein tilpassa rutefrekvens. Ved å sjå korleis andre kommunar løyser sine utfordringar vil vi særskild trekke fram fylkeskommunen sitt sambandet i Solund kommune, Daløy-Haldorsneset. Florabassenget må kunne forvente ein rutefrekvens på linje med dette om ein skal kunne sjå i møte ei framtidig positiv utvikling.

#### 5. Innspel frå grendautvalet på Askrova.

✓ Det forventast at rutetilbudet blir beholdt med dagens rutefrekvens som eit minimum. Det er ønskeleg med kveldsrute på laurdager, samt betre tilpassa ettermiddagsruter (tilpassa dagens jobbmarked), vi veit at dette ikke kommer til å gå i denne runda, men gir likevel innspel ettersom neste anbudsperiode nærmar seg.

#### 6. Innspel frå Stavang bygdelag

✓ Stavang bygdelag ynskjer at det blir opna for ei bestillingsrute på kveldar og helger, på same måte som på Ålvora.

Eksempel: Ein køyrer til Veiesund for å ta båten til Florø og opplever at båten går Askrov, Svanøy, Ålvora til Florø. Frå Svanøy til Ålvora går båten **forbi** kaia i Stavang, ein unødvendig rundtur.

7. Innspel frå Furesund grendalag.

Furesund grendalag har eit ynskje om å få eit rutetilbod som i helgane går noko seinare en kl.07:10. Furesund høyrer til rute vest i Florabassenget, her blir det ein del rundkjøring på kveldsruta som medfører svært lang reisetid.

8. Innspel som Flora kommune hausten 2017 har vedteke i samband med RTP.

Innspelet inneheld bl.a. forbetring av busstilbod, båtrute og behov for sanntidsvisning av rutetider for buss, båt og fly.

### Oppsummering

Flora kommune har motteke mange innspel til ruteforbetringar. På fleire av forslaga er det kun små endringar som må til for å betre ferdselstilbodet for båtrutene og bussrutene. Flora kommune er klar over at nokre av innspela er vanskeleg å få gjort noko med, men det ønskes at fylkeskommune gjer ei vurdering og gjev tilbakemelding til Flora kommune på dette innspel til ruteperioden 2019.

Med helsing

Einar Atle Årdalsbakke  
fagleiar samferdsle

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur*

### Vedlegg:

Tittel	Dato
1 Innspel til bussruten som går mellom Florø-Førde i sommarperioden (L)(637083)	28.06.2018
2 Innspel til ruteendring Bybuss 2 (L)(639691)	28.06.2018
3 Innspel frå Botnane og Årebrot grendalag - sommarrute Villevika - Svelgen (L)(636607)	28.06.2018
4 Innspel for ruteperioden 2019 frå Rognaldsvåg	28.06.2018
5 Innspel frå Askrova	28.06.2018
6 Innspel frå Stavang bygdelag til ruteperioden 2019 (L)(640110)	28.06.2018
7 Innspel frå Furesund grendalag - båtrutene	28.06.2018
8 Innspel frå Flora kommune til Regional	28.06.2018
Transportplan Sogn og Fjordane 2018 - 2029 - prioritert innspel (L)(583183)	
Rutetilbodet 2019 - Invitasjon til å komme med endringar i rutetilbodet i Sogn og Fjordane (628714)	28.06.2018

Til:

Fylkeskommunen, i Sogn og Fjordane.

Vill her be dykkjå littjå Bussrutene

Florø - Førde. Bussen frå Trondheim  
over Stryn til Bergen kjem til Førde.

kl 08.40 og går vidare til Bergen 08.45

Bussen på Lundagane går frå Florø 09.25 er i Førde 10.35

Bussen på Lundagane går frå Florø 08.00 og er i Førde 09.15

Du trekkje ikkje fjordekspressen til Bergen som går 08.45.

Du lytke vente i fleire tima på nest buss

Og du får frodden i Bergen og kome Vidlere.

Endet fornyttkjø å be om att bussen

kunne gå kl 07.00. Det gjelde oge Mandag, Fredag og

Toralt ta ikkje a frå oss. 07.00 Ruta, nær

Skulen slutta no.

Vyrdsamt.

Magnus Midtby

Markgt 46. 6900 Florø

**E - FLORØ**

**-FREDAG**

*16:45*


Isjukehus	...	...	...	08.20	...	...	...	14.30	...	15.25	...	...	...	22.37	...
stasjon	05.30	06.40	07.15	08.30	10.10	12.30	14.05	14.45	15.10	15.45	16.45	18.20	20.30	22.45	23.40
	05.40	06.55	07.25	08.45	10.25	12.45	14.20	15.00	15.25	16.00	17.00	18.35	20.45	22.55	23.50
	06.05	07.15	07.50	09.05	10.40	13.05	14.40	15.20	15.45	16.20	17.20	18.55	21.00	23.15	00.10
	06.10	07.25	07.55	09.10	10.50	13.10	14.55	15.25	15.50	16.25	17.25	19.00	21.10	23.20	00.15
	06.20	07.35	08.05	09.20	11.00	13.20	15.05	15.35	16.00	16.35	17.35	19.10	21.20	23.30	00.25
SS		07.40													
	06.30	07.45													
	06.35		08.15		11.10			15.50		16.50		19.20			
stasjon	06.35	07.50	08.20	09.35	11.15	13.35	15.20	15.55	16.15	16.55	17.50	19.25	21.35	23.45	00.40

**LAURDAG**

Førde rutebilstasjon	06.55	12.30	16.15	18.20
Naustdal	07.05	12.45	16.30	18.35
Eikefjord	07.30	13.05	16.50	18.55
Grov	07.35	13.10	16.55	19.00
Brandsøy	07.45	13.20	17.05	19.10
Florø kai			17.20	19.20
Florø rutebilstasjon	08.00	13.35	17.25	19.25

**SØNDAG**

Førde sentralsjukehus	...	...	14.30	...	...	...
Førde rutebilstasjon	06.55	12.30	14.45	18.20	20.30	23.40
Naustdal	07.05	12.45	15.00	18.35	20.45	23.50
Eikefjord	07.30	13.05	15.20	18.55	21.00	00.10
Grov	07.35	13.10	15.25	19.00	21.10	00.15
Brandsøy	07.45	13.20	15.35	19.10	21.20	00.25
Florø kai			15.50	19.20		
Florø rutebilstasjon	08.00	13.35	15.55	19.25	21.35	00.40



**VERDIKORT**

**Passar for deg som reiser av og til**

Kortet brukar du i staden for kontantar og gjev **17% rabatt på billetten**

Kortet er ikkje personleg, så heile familien kan dele på verdikortet

Les meir på [kringom.no/verdikort](http://kringom.no/verdikort)

Sjå [kringom.no](http://kringom.no) for egne rutetider skulefrie dagar, heilagdagar, jul og påske.

**431 Frå/from Trondheim over Stryn til/to Bergen**

1/5 - 31/12 15	Dagleg/Daily		
Trondheim S	2230	...	...
Melhus skysstasjon	2257	...	...
Lundamo E6	2314	...	...
Støren stasjon	2327	...	...
Berkåk E6	2359	...	...
Oppdal stasjon	0032	...	...
Hjerkinn vk. E6	0114	...	...
Dombås bussholdeplass	0142	...	...
Dovre Hydro Texaco	0152	...	...
Dovre Hydro Texaco	0237	...	...
Otta skysstasjon	0310	...	...
Vågåmo Smedsmo	0335	...	...
Lom	0405	...	...
Bismo	0420	...	...
Grotli	0455	...	...
Langvatn	0505	...	...
Hjelle (Stryn)	0530	...	...
Stryn rb.st.	0600	...	...
Stryn rb.st.	0615	0845	1530
Loen	0625	0855	1540
Olden	0630	0905	1550
Innvik	0650	0920	1610
Utvik	0700	0930	1615
Byrkjelo	0725	0955	1645
Skei	0745	1020	1705
Skei	0745	1020	1710
Ålhus	0800	1035	1725
Vassenden (Jølster)	0810	1040	1735
Førde rb.st.	0840	1115j	1800
Førde rb.st.	0845	1145	1815
Storehaug (Gaular)	0900	1200	1830
Sande (Gaular)	0910	1210	1840
Vadheim	0930	1230	1900
Lavik	1000	1300	1930
Oppedal (Gulen)	1030	1330	1950
Instefjord	1035	1335	1955
Matre	1050	1350	2010
Romarheim v.kr. E39	1105	1405	2025
Knarvik skysstasjon	1145a	1445a	2110a
Åsane terminal	1210a	1510a	2135a
Bergen Busstasjon	1220i	1520i	2150k

- a. Berre for avstigning/ Only disembarking.
- b. 430 Fjordekspresen, Bergen-Ålesund.
- c. Neste dag/Next day.
- d. Måndag-laurdag/Monday-Saturday til/to Kristiansund/Sunnalsøra.
- e. Måndag-fredag/Monday-Friday til/to Molde.
- f. Måndag-fredag/Monday-Friday til/to Orkanger.
- g. 430 lokalbuss/localbus 506 Førde-Vadheim.
- h. 450 Sognebussen, Sogndal-Bergen.
- i. 400 Kystbussen til/to Stavanger.
- j. Bussbyte/Bus change.
- k. Dagleg unnateke laurdag/ Daily except Saturday 400 Kystbussen til/to Haugesund.
- p. Berre for påstigning/ Only for embarking.


Ved over på Dovrefjell og Strynefjell kan det bli endringar i ruta. Sjå [nor-way.no](http://nor-way.no) If severe weather on Dovrefjell and Strynefjell changes may occur in the route on short notice. See [nor-way.no](http://nor-way.no)

31

vedlegg 2

**Fra:** Kim Gunnar Jensen <Kim.Jensen@fjord1.no>  
**Sendt:** 26. juni 2018 10:38  
**Til:** Årdalsbakke Einar Atle  
**Kopi:** Grønnevik Vidar  
**Emne:** Innspel til ruteendring Bybuss 2

Bybussrute 14-647 med avgang Florø Rutebilstasjon 08:30 bør endres til avgang 08:35 fra Florø Kai, slik at reisende fra Selje, Måløy og Bremanger som skal videre med fly til Oslo fra Florø Lufthavn (avgang 09:25) kan nytte bybussen.

 **14-647 Bybuss i Florø (BYBUSS 2)**

25/06/2018 - 23/12/2018	24/12/2018 - 28/12/2018
-------------------------	-------------------------

Køyrer følgende dagar	DX67	DX67	D
Florø rutebilstasjon	0755	0830	08
Havhesten	0800		08
Torvmyrane skule	0810		08
Solbakken	0814		08
Gunhildvågen kryss		0835	
Florø lufthamn		0840	

Fra Selje	Fra Måløy	Fra Leirgulen	Fra Smørhamn	Fra Florø	Fra Askvoll	Fra Krakhella	Fra
<b>MANDAG-FREDAG / MANDAG</b>							
0650	0720	0735 <sup>e</sup>	0805	0835	0915	0950	

Florø lufthavn - Oslo

<b>Rutenr</b>	<b>Avgang</b>	<b>Ankomst</b>	<b>Flyselskap</b>
WF123	20 aug - 06:20	20 aug - 07:25	<u>Widerøe</u>
WF125	20 aug - 09:25	20 aug - 10:30	<u>Widerøe</u>
WF136	20 aug - 14:05	20 aug - 15:10	<u>Widerøe</u>
WF127	20 aug - 18:40	20 aug - 19:45	<u>Widerøe</u>

Med vennlig hilsen / Best regards  
Kim Gunnar Jensen

31

vedlegg 3

**Fra:** Åsmund Berthelsen <asmund.berthelsen@icloud.com>  
**Sendt:** 13. juni 2018 09:02  
**Til:** Postmottak  
**Kopi:** Teigen Ola; Korneliussen Audun Bjørn  
**Emne:** Sommarrute Villevika - Svelgen

Til Flora kommune

Vi har to gonger sendt e-post/brev til Flora kommune i år om å få eit rutetilbod frå Villevika til Svelgen som tidlegare år, i skuleferien då det ikkje går vanleg rute. I fjor sommar vart det eit tilbod dei to - tre siste vekene av skuleferien. Det var eit tilbod som kommunane og Røde Kors samarbeida om.

No har Kringom oppretta ei tingingsrute kvar torsdag i skuleferien (25.6. - 17.8.), men berre frå Botnane til Svelgen og retur. Det er gjort etter innspel, truleg frå Bremanger kommune. Grendalaget har spela inn eit ynskje om ei tingingsrute heilt frå Villevika til Svelgen og retur, både til Flora og Bremanger kommune.

For det fyrste ber vi om at Flora kommune spelar dette inn til fylkeskommunen i samband med planlegging av rutene for 2019. Frist for innspel frå kommunane er 30.juni 2018.

For det andre ber vi om at Flora kommune får til eit tilbod frå Villevika til Botnane denne sommaren slik at også folk på strekningen Botnane - Årebrot kan nå ruta som går frå Sletten kl. 09.55 med retur frå Svelgen kl. 14.00.

Med helsing

Botnane og Årebrot Grendalag

Åsmund Berthelsen  
Styreleiar

93237073

31

vedlegg 4

Grendutvalet for Rognaldsvåg/Reksta/Kinn  
v/leiar Steinar Bendiksen  
Rekstavegen 9  
6915 Rognaldsvåg

Rognaldsvåg, 22.05.2018

Flora kommune  
Plan og samfunn  
v/ seniorrådgjevar Audun Korneliussen  
Markegata 51  
6900 Florø

## Rutetilbodet 2019; Invitasjon til å komme med forslag til endringar i rutetilbodet i Sogn og Fjordane

*Grendautvalet for Rognaldsvåg/Reksta/Kinn handsama dette i møte fredag 18.05.2018*

Sogn og Fjordane Fylkeskommune inviterer oss til å komme med innspel og forbetringar av rutetilbodet i florabassenget. Dette er gledelig, og som de skriv så endrar rutetilbodet seg hele tida, og inn mot økonomi og satsingar. Meiner ein alvor med å satse, medfører det å prøve noko nytt. Det vil seie at det ikkje vil finnast statistikk som viser i kva grad desse rutene blir brukt, det er noko ein må evaluere etter ei viss tids drift.

I dag er det mykje trafikk til øyene i helgene ved bruk av privatbåt. Dette er i stor grad ein konsekvens av manglande båtruter på formiddagen laurdag. Det er ikkje miljøvennlig at private må nytte eigen båt der det burde reisast kollektivt. Denne trafikken er heller ikkje synleg i dagens rutestatistikk. Det bør være ei målsetting for fylkeskommunen å legge til rette slik at bruk av privat båt så langt råd blir styrt over på offentlig transport. Truleg vil ei båtrute på laurdagar redusere bruken av privatbåt samtidig som fleire avgangar vil opne florabassenget til rekreasjon. Effekten vil være mindre forureinande miljøbelastning og auke den allmenne bruk av øyane. Bygdene vert då og gjeven betre tilgang til kommunesenteret. Dette er i tråd med Flora kommune sitt [Budsjett og handlingsprogram](#) på side 23 i budsjettet.

Vi er blitt gjort kjent med at dagens rutesamband opnar for inntil 20 ekstraturar årleg. Dette kan nyttast til mellom anna lokale arrangement o.l. Vi er ikkje kjent med at alle desse ekstraturane vert nytta gjennom året. Vi ber derfor at ein nyttar nokre av desse turane på dagar der det ikkje vert utført ruteproduksjon i det heile, og at ein seinare innfører ordinær helgeruteruteproduksjon på dagar som første juledag, langfredag, første påskedag og første pinsedag.

- Med 17 mai friskt i minne set Flora kommune prisverdig opp ei sirkelrute i Florabassenget som gjev høve å møte i barnetoget i sentrum. Returavgang kl 13:00



og borgartoget med avgang 16:00 viser kor dårleg egna ruter er til å samle innbyggerane i Flora i kommunesenteret vårt til fellesarrangement for heile kommunen. Endringane i bygdene med minkande tal fastbuande og nedlegging av lokale skulekrinsar flyttar slike fellestiltak til kommunesenteret. Då må det og være ruteproduksjon som gjer deltaking mulig.

- Mai månad er ofte tid for planlagde vedlikehald for rutemateriellet. Planlagt klassifisering av båtar midt i mai under langhelger som no, gjer at båtane er ute av ruteproduksjon på eit tidspunkt då aktiviteten aukar i rutedistrikta. Verkstadsoppholda bør leggas til trafikksvake periodar. Verkstadsopphold kan planleggast lang tid på førehand, opptil 8 månader etter det vi kjenner til. Det må difor vere mulig å legge slike hendingar til eit betre egna tidspunkt med mindre trafikk.

På grendemøtet blei forslag til endringar i dagens rutestruktur diskutert, og følgjande punkt blei prioritert som dei viktigaste, her i tilfeldig rekkefølge:

- Vi ynskjer at føremiddagsruta vert å køyre dagleg.
- Vi ynskjer minst «søndagsfrekvens» og rutekøyring på «raude dagar» som første juledag, langfredag, osv.
- Vi ynskjer digitaliserte ordresystem som stadfester bilplass, og som og registrerer biler som ikkje får plass. Dette for å kunne dimensjonere rett kapasitet over tid. Vi vil ha stadfesta plass verifisert gjennom bruk av SMS.
- Vi ynskjer etablert ny ordning som gjev korrespondanse til morgonflyet til Oslo. Her kan vurdere bruk av taxibåtar som samlar opp reisande frå fleire rutedistrikt om naudsynt.
- Vi ynskjer etablert ei prøveordning med korrespondanse frå Florø kai til sektor vest i samband med anløp av Bergensbåten om laurdagar.
- Bygdene i Florabassenget har ofte fylkesveg. Det må være mogeleg å flytte køyretøy som normalt køyrer på slike veger rundt i Florabassenget. Ein føreset at minst eit fartøy er disponibelt til å frakte køyretøy over 10 meter lengde, og med ei samla vekt på minst 35 tonn. Døme her er Nortura sin dyretransport eller ein betongbil.
- Det må etablerast ei løysing der ein kan få tungt anleggsutstyr transportert i florabassenget til ein pris samanliknbar med ei kryssing av fjordstykke der ein nytter ferjer.
- Det må etablerast ei løysing der ein kan nytte ferjekort på alle registrerte køyretøy med skilt der t.d. ein traktor betaler tilsvarande ein bil slik ein gjer på ordinære ferjer.
- Rutekøyrande båtar i dag har avgrensa bilkapasitet. Ein må derfor ha høve å utvise skjøn ved frakting av bilhengar. Er det ikkje nødvendig å ta med trekkvogna bør denne etter samråd mellom mannskap og passasjer være mulig å sende henger utan trekkvogn, men til same pris som bil.

- Der ruter må køyrast av fartøy som ikkje tek last og biler grunna verkstadsopphald eller skader må det gå godskøyning eller frakt av køyretøy etter ein lasteførande båt har avslutta rutekøyning i ein av dei andre rutesektorane.
- Flora kommune må starte arbeidet, og være ein pådrivar overfor fylket med å gje bygdene i Florabassenget tilgang til vårt felles bysentrum der fellesarrangement og kulturtilbod no er gjennom ein tilpassa rutefrekvens. Ved å sjå korleis andre kommunar løyser sine utfordringar vil vi særskild trekke fram fylkeskommunen sitt sambandet i Solund kommune, Daløy-Haldorsneset. Florabassenget må kunne forvente ein rutefrekvens på linje med dette om ein skal kunne sjå i møte ei framtidig positiv utvikling.

Eit kjapt nettsøk syner at kravet om betre rutefrekvens i Florabassenget går år tilbake. I 2010 står det t.d. i [Firdaposten](#) der Flora kommune etter å ha investert 150 millionar på kaianlegg i øyane, vil redusere rutefrekvens og talet på stopp. Dette synleggjer ein mangeårig kamp om å behalde eit rutetilbod som er tenleg for folk som bur i distriktet. Grendeutvalet vil spesielt peike på to lokalsamfunn i andre kommunar, ein i Sogn og Fjordane og ein i Rogaland, som har mykje tilsvarande utfordringar som florabassenget. Rutefrekvensen i bydelen [Røvær](#) (Haugesund, øyane Feøy og Røvær, om lag 35 og 110 fastbuande) og ferjestrekninga Daløy – Haldorsneset til [Ytre Sula](#) (Om lag 250 fastbuande, Solund kommune) er eit døme på at Sogn og Fjordane Fylkeskommune har noko å strekke seg etter når det gjeld rutefrekvens til bygdene i florabassenget. Som ein er kjent med reknast tal på fastbuande innan florabassenget til over 500 personar. Slik sett ser vi det som naturleg at innbyggjarar i det same fylket har likeverdige rutetilbod, og at ein i tillegg ser utover fylkesgrensene for å sjå korleis andre løyser sine utfordringar med lokal rutetrafikk.

Områda utanfor Florø og innanfor florabassenget har i dag tilrettelagte turløyper, mykje natur å by på, og med kulturhistoriske opplevingar som [Kinn Kyrkje](#), [Svanøy hovudgård](#), [Nordsjøløypa](#), [Sunnivaleia](#), samt ein veksande heilårleg hyttemarknad. Det er viktig at desse turmåla kan bli tilgjengeleg for alle ved å legge til rette for ei rute ut frå Florø kai laurdag formiddag heile året.

Ved å gje øyfolket tilgang til sentrum, og sentrumsbuarane tilgang til øyane, vil det bli knytta tettare og meir naturlege band mellom innbyggjarane i kommunen.

Med helsing

Steinar Bendiksen  
Leiar

3/

vedlegg 5

---

**Fra:** terje svar Dahl <terjesvardahl@hotmail.com>  
**Sendt:** 23. mai 2018 22:39  
**Til:** Korneliussen Audun Bjørn  
**Kopi:** Årdalsbakke Einar Atle  
**Emne:** SV: Rutetilbud 2019

Hei,

Vi forventer at rutetilbudet beholdes med dagens rutefrekvens som et minimum. Det er ønskelig med kveldrute på lørdager, samt bedre tilpassa ettermiddagsruter (tilpasset dagens jobbmarked), vi veit at dette ikke kommer til å gå i denne runden, men nevner det mht neste anbudsperiode som nærmer seg.

Mvh

Terje Svardahl  
6919 Tansøy  
Mob; 96 62 79 89

<https://www.askrova.no/>

---

**Fra:** Korneliussen Audun Bjørn <audun.korneliussen@flora.kommune.no>  
**Sendt:** 14. mai 2018 10:32  
**Til:** Nina Seljestokken ([gei-odin@online.no](mailto:gei-odin@online.no)); Rune Nilsen ([runeottonilsen@gmail.com](mailto:runeottonilsen@gmail.com)); Sølvi Æsøy ([s-aesoey@online.no](mailto:s-aesoey@online.no)); terje svar Dahl ([terjesvardahl@hotmail.com](mailto:terjesvardahl@hotmail.com)); Steinar Bendiksen ('[steinar@skysbat.no](mailto:steinar@skysbat.no)'); [helene\\_tyvold@hotmail.com](mailto:helene_tyvold@hotmail.com); [ragnhild.jenssen@gmail.com](mailto:ragnhild.jenssen@gmail.com); Hildur Kristi Horne Sør dal ([hkhs@hotmail.no](mailto:hkhs@hotmail.no)) ([hkhs@hotmail.no](mailto:hkhs@hotmail.no)); [tor.magne.ege@eninvest.net](mailto:tor.magne.ege@eninvest.net); [kimnor@hotmail.com](mailto:kimnor@hotmail.com); Kjetil Watnedal ([kjetil@watnedal.com](mailto:kjetil@watnedal.com)); Elin Tveit Sveen ([elin@marohavbruk.no](mailto:elin@marohavbruk.no)); [omjonerud@hotmail.com](mailto:omjonerud@hotmail.com); Kjetil Andre Hovden ([kjetil-andre\\_hovden@hotmail.com](mailto:kjetil-andre_hovden@hotmail.com)); [ehalsne82@hotmail.com](mailto:ehalsne82@hotmail.com); [oddvarendestad@hotmail.com](mailto:oddvarendestad@hotmail.com); Christian Hovden ([hovden.christian@gmail.com](mailto:hovden.christian@gmail.com)); [idabelinda@yahoo.no](mailto:idabelinda@yahoo.no)  
**Emne:** Rutetilbud 2019

Hei.

Då er tida inne for å komme med innspel for ruteperioden 2019. Flora kommune vil sende inn forslag til endring innan 01. juni 2018 og ynskjer difor å få skrifteleg innspel frå dykk så snart råd er.

Innspela kan sendast til meg, med kopi til [ainar.aardalsbakke@flora.kommune.no](mailto:ainar.aardalsbakke@flora.kommune.no)

Eg legg ved brev frå Fylkeskommunen.

*Med vennleg helsing*

*Audun Korneliussen  
Seniorrådgjevar Plan og Samfunn*



**Flora kommune**

*Mail: [audun.korneliussen@flora.kommune.no](mailto:audun.korneliussen@flora.kommune.no)*

*Tlf. 90794068*

31

vedlegg 6

---

**Fra:** Hildur Kristi Horne Sjørdal <hkhs@hotmail.no>  
**Sendt:** 28. juni 2018 12:04  
**Til:** Korneliussen Audun Bjørn; Årdalsbakke Einar Atle  
**Emne:** VS: Innspel til ruteperioden 2019  
**Vedlegg:** Båtruter.odt; IMG\_20180628\_0001.jpg

**Emne:** Innspel til ruteperioden 2019

Ved eit mistak trudde vi at innspelet skulle vere dykk ihende innan 01.07.2018, men vonar likevel vårt innspel framleis vert teke omsyn til.

#### **Båtrute søre distrikt**

Vi krev no å få komme inn med ei bestillingsrute på same kveldar og helger som Ålvora. Eksempel: Ein køyrer til Veiesund for å ta båten til Florø og opplever at båten går Askrov, Svanøy, Ålvora til Florø. Frå Svanøy til Ålvora går båten **forbi** kaia i Stavang, altså ein unødvendig rundtur.

I februar i 2017 sende Stavang bygdelag innspel til ruteperioden 2018 som vi vel å sende på nytt. Vi vonar at vi denne gongen vert høyrde og at Flora kommune gi ei positiv tilråding til Fylkeskommunen.

Venleg helsing  
Stavang bygdlag

Hildur Horne Sjørdal  
- leiar -

3/ vedlegg 7

**Fra:** Britt Mari Reksten <britt.r@icloud.com>  
**Sendt:** 31. mai 2018 22:12  
**Til:** Korneliussen Audun Bjørn; einar.aardalsbrakke@flora.kommune.no  
**Emne:** Fwd: : Båtruter sak18/119

Hei Audun

Ser vi har misforstått litt og sendt forslagene direkte .

Fekk vite dette i siste liten men fekk ned noen få punkt som ville utgjort mye for Furesund grendalag.

Da formannen for laget ikke er hjemme ville han at eg skulle sende inn noen forslag.

Ser det gjekk litt fort...siden eg sendte feil....

Håper det går bra.

Mvh Britt R.Nekkøy

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Britt Mari Reksten <britt.r@icloud.com>  
**Dato:** 31. mai 2018 kl. 15:10:45 CEST  
**Til:** [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
**Emne: : Båtruter sak18/119**

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

**Fra:** Britt Mari Reksten <britt.r@icloud.com>  
**Dato:** 31. mai 2018 kl. 14:57:42 CEST  
**Til:** [hovden.cristian@gmail.com](mailto:hovden.cristian@gmail.com)  
**Emne: Fwd: Båtruter**

**Emne: Båtruter**

Takker for at vi kan få komme med innspill.

Furesund grendalag har ønske om å få et rutetilbud i helgene.der en kan komme seg til byen lørdag(skall en på cafe med barna må en reise på en lørdag kl.0710)

og søndag og muligheter for å  
komme seg hjem visst vert en tur  
foreksempel i rognaldsvåg(.barn  
på overnatting,klubb osv)  
Slik det er nå kommer de seg til  
Florø så må de hentes(båten går  
forbi....lite miljøvennlig )  
Furesund hører til rute vest så når  
det er rundkjøring på kveldsruta  
blir den så lang reisetid og sent  
fremme at det ikke e noe  
alternativ for oss å bruke  
den(barn på aktiviteter kommer  
hjem 2130....ruta går kl2000...og  
det er ca8 og ca15 min reisetid fra  
Florø til F.kavlen og S.nekkøy  
Ønske er da å få være med Søre  
rute de kveldene Vest rute går  
rundt d.v.s mandag ,onsdag og  
Torsdag....  
Kunne vi hatt mulighet for  
det....så ville det opnet seg andre  
muligheter for barn som vil på  
aktiviteter.(det er 26 fastboende  
på F.kavlen 10 av de e barn)

8 fastboende +3 barn på søre nekkøy.)  
På forhand takk for forståelsen

Mvh Furesund grendalag for Christian Hovden

Sendt fra min iPhone

## Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/17	Samferdsleutvalet	PS	20.09.2017
090/17	Bystyret	PS	03.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Einar Atle Årdalsbakke	K1 - 121, K1 - 130, K2 - N00	16/1108

### Innspel til Regional Transportplan Sogn og Fjordane 2018 - 2029 - prioritert innspel

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.

Framlegg frå Repr. Jan Henrik Nygård, V:  
Endringsframlegg under Klima og Miljøtiltak

Det må setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren. Regional transportplan skal ha ei vurdering av transportsystemet med omsyn til miljø- og klimaspørsmål og framtidig utvikling. Sogn og Fjordane må ta sin plass i de næringsmessige muligheter som er i utvikling, bruk og produksjon av nullutslipppløsninger basert på våre naturgitte fortrinn, ulike ledende bedrifter og kompetansemiljø.

Opprette "Hydrogenstasjon for båt/ bil og tunge køyretøy" ved ein av hamnene i Florø.

Vi viser og til "sjøkart for grønn kystfart" med visjoner om nullutslippfartøyer fra 2021 og at infrastruktur for alternative drivstoff er i vesentlig grad etablert i 2024.

Framlegg frå Repr. Martin Malkenes, MDG:

Under Båtrute:

Framlegg nytt punkt.

Det bør vurderast båtrute Florø - Førde, samt anløp Svelgen ved enkelte avgangar i rute mellom Florø, Bremanger og Måløy. Alle båtruter skal nytte utslippsfri teknologi.



Samferdsleutvalet - 015/17

**SAMF - handsaming:**

Saka vart redigert i møtet etter ein del innspel.  
Nytt saksdokument vert lagt fram for bystyret 03.10.2017.

Samrøystes vedteke:

**SAMF - vedtak:**

Saka vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga.

Bystyret - 090/17

**BYST - handsaming:**

**Røysting:**

Framlegget frå Nygård, V vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Malkenes, MDG fall mot 1 røyst.  
Heile planen vart vedteken mot 2 røyster (MDG og KRF)

**BYST - vedtak:**

Saka vert vedteke slik det går fram av saksutgreiinga, med slikt tillegg:

Klima og Miljøtiltak:

Det må setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren. Regional transportplan skal ha ei vurdering av transportsystemet med omsyn til miljø- og klimaspørsmål og framtidig utvikling. Sogn og Fjordane må ta sin plass i de næringsmessige muligheter som er i utvikling, bruk og produksjon av nullutslippøsninger basert på våre naturgitte fortrinn, ulike ledende bedrifter og kompetansmiljø.

Opprette "Hydrogenstasjon for båt/ bil og tunge køyretoy" ved ein av hamnene i Florø.

Vi viser og til "sjøkart for grønn kystfart" med visjoner om nullutslippfartøyer fra 2021 og at infrastruktur for alternative drivstoff er i vesentlig grad etablert i 2024.



## **Saksopplysingar:**

### **Kva saka gjeld:**

Hausten 2017 skal Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2029 vedtakast i fylkestinget. I juni 2017 vart høyringsforslag frå fylkeskommunen lagt ut på høyring med frist for innspel til 30 september 2017. Sakene skal ha prioritet.

### **Innleiing:**

Flora kommune har i dette saksframlegget framlagt innspela etter kategori med prioritet under, på same måte som det er gjengitt i fylkeskommunen sitt planprogram.

### **Vurdering:**

Vurderinga i denne saka består av å prioritere fram dei prosjekta som er viktigast for Flora kommune å få med i innspel til Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2029.

## **Vegsamband**

### Pri. Nr. 1

Kystvegen mellom Flora og Vågsøy er Flora kommune sin prioritet nr. 1. ved innspel til Regional transportplan. Flora kommune leverte innspel til rapport frå vegvesenet "utgreiing om kystvegen" innan fristen som var sett til 30. mars 2017. jf. Vedlegg.

For Flora kommune er vegalternativ frå Rv. 5 ved Grønenga/ Terøya/ Myklebustdalen eit viktig punkt på denne veg- strekninga.

Flora kommune har hatt ein grundig sakutgreiing samt politisk vurdering av Statens vegvesen sin rapport som omhandla alternative til kystvegen. Det vart bl.a. funne fleire viktige tema som skulle udersøkast og belyst i rapporten, utan at dette var gjennomført av Statens vegvesen.

Det kan kort nemnast nokre viktige punkt som vi ikkje har fått utreda. Rapporten manglar utreiing av effektmål/ klyngeaktivitetar/ bu og arbeidsveg f.eks Svelgen – Florø/ oljebase, verft, hamn og flyplass. Vidare er heller ikkje næringane i Eikefjord mot Førde- fjorden vurdert.

Flora kommune har vedlagt tidligare vedteke innspel til kystvegen.

### Pri. Nr. 2

Pr. d.d. går Lindheimsvegen frå Rv. 5 via Stadionvegen og inn på Fv. 545 (Kinnvegen). Det ligg føre vedtak frå Flora bystyre om traseval for ny Lindheimsveg frå Rv.5 og inn på Fv. 545 noko



vest for Flora ungdomsskule.

ÅDT teljing frå år 2014 viste at ca 5000 køyretøy igjennom Stadionvegen. Flora kommune har gjennomført dei trafikktryggingstiltak som har vore moglege å få til i Stadionvegen/ Lindheimsvegen. Desse tiltaka er ikkje tilstrekkelege i høve til den trafikkmengda som er på desse vegane. Ein er nøydt til å få utbetra vegforholda her. Den einaste løysinga er bygging av ny veg, og det er forlenging av Lindheimsvegen mot Fv. 545 med samankopling vest for Flora ungdomsskule.

Flora kommune foreslår å starte med omklassifisering av Lindheimsvegen frå kommunal veg til å bli ein del av Fv. 545 (Kinnvegen), med atterhald om bystyret sitt vedtak. Det vert vidare foreslått at ein finansieringsmåte, for å få bygd vegen, kan vere forskottering.

### **Viktige tiltak på fylkesvegnettet som er av mindre omfang, men som bør prioriterast**

Pri. Nr. 1:

Fv. 614/ Fv. 544 Strømsneskrysset. Dette vegkrysset blir nytta av både skuleelevar/ arbeidsreise m.m. Krysset ligg i sving med fartsgrense på 80 km/. Det har lenge vore arbeid for å få utbetra trafikksikkerheita for dei mjuke trafikantane ved dette vegkrysset. Det som er planlagt av tryggingstiltak er ei utkøyring til buss med busskur. Ei slik løysing vil hindre at trafikantar som ventar på buss slepp å vente på bussen ute i vegbana/ vegskulder. Vidare vil denne løysing hindre at dei mjuke trafikantan slepp å krysse Fv. 614.


Det er fylkeskommune som eig denne vegen. Flora kommune meiner det blir feil å ta desse kostnadane sjølv, men vi tilbyr fylkeskommunen å få på plass ein forskoteringsavtale saman med fylkeskommunen.

Pri. Nr. 2:

Fv. 542 frå Rv. 5 ved Eikefjord og fram til Tømmerkai ved Sunnarvik i Eikefjord må enkelte flaskehalsar oppgraderast til å kunne tåle tømmertransport. Dette hastar. Denne tømmerkaia har fått nasjonale midlar til oppgradering for å kunne ta tømmer frå veg til sjø frå kommunane Gloppen, Jølster, Førde, Naustdal Florø og deler av Bremanger.

### **Omklassifisering av fylkesvegar og kommunale vegar i Flora kommune**

Det er ønskelig å endre status på følgjande vegar (punkta under) for å få eit heilskapeleg vegnett i Flora sentrum i tråd med vedtekten sentrumsplan j. kart-skisse nedanfor.



- Forslag om sambinding av fylkesveg. Lindheimsvegen, som i dag er kommunal veg, blir omklassifisert frå kommunal til å bli ein del av fylkesveg 545. Blå farge til høgre viser Lindheimsvegen samt vedteke vegtrasee via Norheimsmarka og fram til Havrenesvegen fv. 545.
- Torggata startar ved enden av Kinnvegen og strekker seg fram til Rv.5 ved Viktoriakrysset. Denne korte vegen (med blå farge til høgre) er kommunal. For å få heilheit bør Torggata tilhøyre Kinnvegen Fv. 545 fram til Rv. 5. Omklassifisering av Torggata frå kommunal veg til fylkesveg 545. Dette vegstykket er ca 120 meter og vart oppgradert våren 2016
- Vegstrekninga Michael Sars gate (rød farge) har pr. d.d. status som fylkesveg. Det er her naturleg å endre status frå fylkesveg til kommunal veg. Dette vegstykket er ca 450 meter

## Skredsikring

Pri. Nr. 1:

Fylkesveg 615 Storebru – Hyen. Her bør nokre mindre tiltak iverksettjast snarast jf. Vegvesenet sin utgreiingsrapport, vidare bør det utbetrast ein del svingar/ flaskehalsar som er årsak til at semitrailar ikkje kan køyre på denne vegstrekninga. Denne vegstrekninga er ein viktig omkøyringsveg når Rv.5 eller E39 mellom Førde og Nordfjord er stengt.

Pri Nr. 2:

Fv. 543 Strekniga Nytingnes – Sandvik er utsatt for snø - og steinras.

Det er viktig å sikre denne strekninga for å unngå stengingar samt beskytte personar og

materiell.

Pri. Nr. 3:

Fv. 614 Strekninga Straumsnes – Haukå er utsett for snøras ved tunellen midt på Haukåvatnet. Det er viktig å sikre strekninga og unngå stenging.

### **Kollektive kaianlegg**

Pri. Nr. 1:

Ny skyss stasjon på Fugleskjærskai som vil bli eit viktig knytestpunkt kollektive reisetilbod for båt, buss og drosje.

Pri. Nr. 2:

Skorpa – ferjelem er under forhandling med fylkeskommunen.

Pri. Nr. 3:

Botnastranda – Flora kommune ynskjer støtte frå fylkeskommunen til å få ferdigstilt kaianlegget (Sunnfjord Hamn).

Pri. Nr. 4:

Færøykavlen- her er tilflyttinga stor og behovet for kai m/ferjelem har meldt seg.

Kaianlegg i samband med beredskap, dersom vegsambandet Rv.5 blir steng vest for Grov:



Eikefjord har kaianlegg som bør opprustast til beredskap.

## **Hamnestrategi**

Pri. Nr. 1:

Regionale havner bør prioriterast.

Stamnett-hamna, her oppfordrar Flora kommune fylkeskommunen til å leggje til rette for bruken av kaianlegget bl.a. til gods frå veg til sjø.

## **Sykkelbyen Florø**

I samband med Flora kommune har inngått sykkelbyavtale for "Sykkelbyen Florø", har kommunen fått midlar av Statens vegvesen til å lage ein kommunedelplan for sykkel. Kommunedelplanen er nyleg vedteke. Kommunedelplanen inneheld bl.a. plan for oppgradering av sykkelveggar samt andre tiltak som skal gje betre tilbod for syklende. Nokre at tiltaka er gjengitt nedanfor:

Pri. Nr. 1:

Sykkelveg langs Fv. 548 frå krokane camping til vegkryss ved brandsøy Rv.5. Her har Statens vegvesen lagd ein utgreiings-rapport/ forprosjekt som syner tiltak for utbetring av veg med tilbod til mjuke trafikantar. Flora kommune er innstilt på å finne ei billigare og effektiv løysing for å få på plass ein samanhengande gang- og sykkelveg.

Pri. Nr. 2:

Michael Sarsgate vert oppgradert til sykkel og gangveg m.m. Denne vegstrekninga har i over 10 år vore prioritert som hovedfartsåre for gåande og syklande mellom Stadion/ ungdomsskulen fram til Kinnvegen/ Florø Barneskule samt østre del av Florø sentrum. Denne vegen er og medprioritert på lista over fysiske tiltak i grunnlagsdokumentet til RTP 2018 – 2027, for Gå- og sykkelstrategi. Flora kommune ønsker å satse på denne gata som for dei mjuke trafikantane. Denne vegen er ein del av hovudnettet for sykkel i Florø i kommunedelplan for sykkel.

Pri. Nr. 3:

Fylkesveg 548 frå havhesten og fram langs heile Firdavegen til vegkryss til Rv.5 ved Flora samfunnshus bør gang – og sykkelvegen oppgraderast.

### **Sykkel og gangveg som ligg utanfor sykkelbyavtalen**

Pri. Nr. 1:

Etablering av Gang- og sykkelveg langs Fv. 542 (Hovlandsvegen), frå vegkryss til Rv. 5 og austover til Eikefjorden Sentrum. Vegstrekninga er på ca. 1400 meter. Den nye tømmerkai-anlegget som er plassert sør for Eikefjorden opnar i slutten av mai 2017. Det vil medføre meir trafikk av tunge køyretoy på Fv. 542 (Hovlandsvegen). Det hastar å få på plass ei betre løysing for dei mjuke trafikantane på denne vegstrekninga.

### **Kollektivtransport**

Pri. Nr. 1:

Det må prioriterast å få etablert rutevisning ved Flora lufthamn, bussterminalen, Flora samfunnshus og ved enkelte busstopp i Florø sentrum som viser sanntid for båt, buss og flyruter.



### Bussrute – justering av rutetilbod:

Som ein del av samarbeidet i Sunnfjord er det avgjerande at kollektivtilbodet, særleg mellom Førde og Florø blir utvikla slik at det blir lagt betre til rette for arbeidspendling i denne regionen. For å fortsette å stimulere til bruk av kollektiv transport i sentrum er det og viktig at bybussordninga i Florø blir holdt ved lag.

- Utfordringa med bussrutene som går til/ frå Florø er kombinasjon med båtrute samt flyrute. Her er det ikkje god nok kombinasjon/ samkøyring mellom buss/ båt og flyrutene. Flora kommune krev at fylkeskommunen i lag med Flora kommune prioriterar å få desse rutene best mogleg til å korrespondere med kvarandre.
- På kvardag går siste bussrute frå Florø til Førde kl. 20:30. Her bør det opprettast ei seinare bussrute som bl.a. kan sjåast i samanheng med kveldsfly og båtruter til Florø.
- Når ekspressbåten frå Bergen har ankomst Florø bør det være kollektivtilbod for reisande som bur innan ringbuss- område i Florø. Dette er mangelfullt. Resultatet er at reisande med båt må køyre bil til/ frå Fugleskjærskai.
- Ved helg er det mangelfullt med bussrute mellom Florø og Førde. Her bør det opprettast bussforbindelse med samband til ekspressbåtrutene samt flyavgang.

### Båtrute:

Flora kommune føreset at båtrutenettet i Florabassenget vert haldt ved like på minimum

same nivå som i dag, men ser helst at tilbodet vert utvida med fleire båtruter. Flora kommune har vedtak på kommunesamanslåing med Vågsøy. Vidare er den raskaste reisemåten med arbeidspendling/



flyreise osv. mellom Vågsøy/ Ytre Bremanger og Florø med båt. Her må ein til med fleire båtruter dagleg mellom Florø, Bremanger og Vågsøy.

- Det er behov for å etablere ei ny båtrute med ny rutetider for å ivareta kollektive arbeidsreise/ pendle behov som følger av kommunesamanslåing til Kinn kommune.

### **Klima og Miljøtiltak**

Det må setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren. Regional transportplan skal ha ei vurdering av transportsystemet med omsyn til miljø- og klimaspørsmål og framtidig utvikling.

Det visast til Hordaland fylkeskommune som i 2014 vedtok å etablere ein stasjon for hydrogen i Bergen. Pr. no er det er vilje til å løyve midlar til fleire hydrogenstasjonar i Bergen.

- Opprette prøveprosjekt "Hydrogenstasjon for båt/ bil og tunge køyretøy" ved ein av hamnene i Florø.
- Utslepp ved transportsektoren, vil bli redusert dersom ein tilrettelegg for transport frå veg til sjø.  
  
Planprogram for "Strategisk plan for kysten 2017 – 2025 for Sogn og Fjordane" jf. Pkt. 4.3 "*samferdsle*" bør samkøyrast med RTP. Begg desse programma bør oppdaterast med vektlegging på gods frå veg til sjø.

Omtrent halvparten av godstransporten innenlands går på sjø, mens vegtransporten har om lag 40 prosent av innenlands transport. Utenriks er sjøtransport helt dominerande.



Kvart år transporterast om lag 270 mill. tonn på norske vegar. Av dette er omtrent 20 mill. tonn langtransport som kan være aktuelle for andre transportformer. Her kan frå 5 til 7 million tonn gods overførast fra veg til sjø og jernbane.

Flora kommune har kaianlegg ved Fjordbase (Sunnfjord Hamn) som har stor kapasitet for alle former for transport/ lagring/ utskipping. Vidare er tømmerkaianlegget i Eikefjorden vesenlig for utskipping av tømmer, frå veg til sjø.

Med vekt på miljøbesparing ynskjer Flora kommune at fylkeskommune tar på alvor å få oppgradert tilrettelegging for gods frå veg til sjø. Tilrettelegging vil vere frå utbetring av mindre vegstrekningar til oppgradering av kaiområde.

Eit anna verkemiddel er at det offentlige må ha ein aktiv rolle for å stimulere, utprøve og implementere nye løysingar. Her kan eigarar av infrastruktur, føretak, og transportkjøparar og offentlege aktørar øve stor innflytelse på transportutviklinga.

I Flora kommune, langs Rv.5, er fylkes største hamneområde "basen" med svært gode moglegheiter for godstransport over frå veg til sjø. Flora kommune ber fylkeskommunen vurdere desse moglegheitene.

**Økonomiske konsekvensar:**

**Miljømessige konsekvensar:**

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:**

**Vedlegg:**

Rapport forprosjekt gåande og sykkel fv. 548

Høyringsvar til høyring utgreiing om kystvegen (L)(547337)

Utkast til Gå - og sykkelstretegi